


# Straff for mishandling i nære relasjonar i lys av Istanbul-konvensjonen

Kandidatnummer: 35

Mengd ord: 14 660



JUS399 Masteroppgåve

Det juridiske fakultet

UNIVERSITETET I BERGEN

10.05.2024

# Innholdsliste

<b>INNHALDSLISTE .....</b>	<b>2</b>
<b>1. INNLEIING .....</b>	<b>4</b>
<b>2. GENERELLE UTGANGSPUNKT OM ISTANBUL-KONVENSJONEN OG STRAFFEBODET MOT MISHANDLING I NÆRE RELASJONAR .....</b>	<b>7</b>
2.1 INNLEIANDE MERKNADAR .....	7
2.2 BAKGRUNNEN FOR ISTANBUL-KONVENSJONEN SIN VERKNAD I NORSK RETT, OG METODISKE MERKNADAR .....	7
2.3 VILKÅRA FOR STRAFF ETTER STRAFFEBODET MOT MISHANDLING I NÆRE RELASJONAR.....	9
<b>3. RAMMEVERKET FOR STRAFF ETTER ISTANBUL-KONVENSJONEN OG STRAFFEBODET MOT MISHANDLING I NÆRE RELASJONAR .....</b>	<b>12</b>
3.1 UTGANGSPUNKT .....	12
3.2 RAMMEVERKET FOR STRAFFENIVÅ OG REAKSJONSVAL ETTER ISTANBUL-KONVENSJONEN .....	13
3.3 RAMMEVERKET FOR STRAFFENIVÅ OG REAKSJONSVAL ETTER STRAFFEBODET MOT MISHANDLING I NÆRE RELASJONAR.....	14
3.4 RAMMEVERKET FOR FASTSETJING AV OMFANGET PÅ STRAFFEREAKSJONEN ETTER ISTANBUL-KONVENSJONEN .....	18
3.5 RAMMEVERKET FOR FASTSETJING AV OMFANGET PÅ STRAFFEREAKSJONEN ETTER STRAFFEBODET MOT MISHANDLING I NÆRE RELASJONAR .....	23
<b>4. HØGSTERETT SI STRAFFEUTMÅLING I LYS AV ISTANBUL-KONVENSJONEN SITT RAMMEVERK FOR STRAFF .....</b>	<b>27</b>
4.1 UTGANGSPUNKT .....	27
4.2 SAKER MED MINDRE ROM FOR Å DRØFTE .....	28
4.3 SAKER MED MEIR ROM FOR Å DRØFTE.....	33

**5. EIT TILSTREKKELEG RETTSVERN, MEN MANGLANDE VERKNAD?..... 42**

**KJELDEREGISTER ..... 43**

INTERNASJONALE RETTSKJELDER.....	43
LOVER.....	43
FORSKRIFTER.....	44
FØREARBEID.....	44
RETTSPRAKSIS.....	45
<i>Høgsterettsavgjerder</i> .....	45
<i>Underrettsavgjerder</i> .....	45
LITTERATUR.....	46
<i>Bøker</i> .....	46
<i>Artiklar</i> .....	47

# 1. Innleiing

Mishandling i nære relasjonar er eit stort samfunnsproblem.<sup>1</sup> Den 20. desember 2023 lanserte derfor regjeringa ein opptrappingsplan mot mishandling i nære relasjonar.<sup>2</sup> Hensikta med denne opptrappingsplanen er å skape eit trygt samfunn for alle, og redusere dei samfunnsøkonomiske og menneskelege kostnadane som mishandling i nære relasjonar medfører.<sup>3</sup> Mishandling i nære relasjonar medfører store samfunnsøkonomiske kostnader.<sup>4</sup> I tillegg kan mishandling i nære relasjonar ha alvorlege og store konsekvensar for dei som blir utsett for slik valdsbruk.<sup>5</sup>

Det er særleg born og kvinner som er utsette og sårbare for denne typen kriminalitet.<sup>6</sup> At denne gruppa menneske er særleg utsett har danna grunnlag for å styrke rettsvernet mot mishandling i nære relasjonar.<sup>7</sup> Lovgjevar har fleire gonger styrka rettsvernet gjennom å vedta eigne føresegn som regulerer mishandling i nære relasjonar. Deriblant gjennom å vedta straffelova 1902 § 219. Paragraf 219 regulerte mishandling mot ektefelle, born, andre i husstanden og andre ein hadde omsorg ovanfor.<sup>8</sup> Føresegna hadde likt innhald frå 1902 fram til ei vesentleg lovendring ved lov 21. desember 2005 nr. 131.<sup>9</sup> Gjennom denne lovendringa moderniserte lovgjevar føresegna, og gav den ei vidare rekkjevidde.<sup>10</sup> Det var ifølgje Justis-og politidepartementet eit stort behov for modernisering av føresegna, for å gjere føresegna meir tilgjengeleg.<sup>11</sup> Denne lovendringa var eit resultat av at mishandling i nære relasjonar hadde fått større fokus i samfunnet, både nasjonalt og internasjonalt.<sup>12</sup>

---

<sup>1</sup> Sjø Prop. 36 S (2023-2024) punkt 1 s. 9.

<sup>2</sup> Sjø Prop. 36 S (2023-2024).

<sup>3</sup> Jf. Prop. 36 S (2023-2024) punkt 1 s. 9.

<sup>4</sup> Sjø Prop. 36 S (2023-2024) punkt 1 s. 9; «De samfunnsøkonomiske kostnadene av vold i nære relasjoner er beregnet til 92,7 milliarder kroner i 2021». Sjø og Prop. 36 S (2023-2024) punkt 1.5.3 s. 24.

<sup>5</sup> Sjø Prop. 36 S (2023-2024) punkt 1 s. 9; «Volden skaper uttrygghet, kan gi helseutfordringer og tap av velferd, og begrenser den enkeltes livsutfoldelse og mulighet for en aktiv samfunnsdeltakelse. I ytterste konsekvens fører volden til tap av liv.». Sjø og Prop. 36 S (2023-2024) punkt 1.5.3 s. 22-23.

<sup>6</sup> Jf. Jacobsen/Husabø/Gröning/Strandbakken, s. 28.

<sup>7</sup> Jf. Jacobsen/Husabø/Gröning/Strandbakken, s. 28.

<sup>8</sup> Sjø straffelova 1902 § 219; «som ved Vanrøgt, Mishandling eller anden lignende Adfærd oftere eller grovt krænker sine Pligter mod Ægtefælle eller Barn eller mod nogen hans Husstand tilhørende eller hans Omsorg undergiven Person, som paa Grund af Sygdom, Alder eller andre Omstændigheder er ude af Stand til at hjælpe sig selv.».

<sup>9</sup> Lovendringa trådte i kraft 1. januar 2006 etter forskrift 21. desember nr. 1580.

<sup>10</sup> Sjø NOU 2003: 31, Ot.prp. nr. 113 (2004-2005) punkt 4 s. 31-41 og Ot.prp. nr. 22 (2008-2009) punkt 6.11 s. 197-198.

<sup>11</sup> Jf. Ot.prp. nr. 113 (2004-2005) punkt 4.4.3 s. 38.

<sup>12</sup> Sjø NOU 2003: 31.

Deretter vedtok lovgjevar straffelova (strl.) 2005 §§ 282 og 283.<sup>13</sup> Paragraf 282 regulerer mishandling i nære relasjonar, medan § 283 regulera grov mishandling i nære relasjonar.<sup>14</sup> Saman vidareførte føresegnene innhaldet i straffelova 1902 § 219, men med nokre redaksjonelle endringar.<sup>15</sup> I tillegg skjerpa lovgjevar straffenivået betydeleg, og heva den øvre strafferamma frå fengsel inntil 3 år (ordinær) og 6 år (grov), til fengsel inntil 6 år i § 282 og 15 år i § 283.<sup>16</sup> Følgjande utvikla det seg eit styrka rettsvern mot mishandling i nære relasjonar. Både gjennom eit skjerpa straffenivå, og gjennom utforminga av §§ 282 og 283. I etterkant har ikkje lovgjevar vedtatt nokon endringar i § 283, men lovgjevar har vedtatt nokre endringar i § 282, og dessutan tilført eit andre ledd i § 282.<sup>17</sup> Endringane i § 282 har utvida rettsvernet til å gjelde for fleire relasjonar.<sup>18</sup> I tillegg har vedtakinga av § 282 andre ledd gjort det mogeleg å få betre rettsvern for offer i etterkant av mishandlinga.<sup>19</sup>

Det har òg skjedd ei styrking av rettsvernet mot mishandling i nære relasjonar gjennom internasjonalt samarbeid.<sup>20</sup> Ein av konvensjonane som har styrka rettsvernet er Istanbul-konvensjonen.<sup>21</sup> Hensikta med Istanbul-konvensjonen er å førebyggje og motverke vald mot kvinner.<sup>22</sup> Istanbul-konvensjonen inneheld ein rekkje ulike typar artikkelar, og den inneheld blant anna eit eige kapittel om materiell rett.<sup>23</sup> Her er det fastset kva typar materiell rett medlemsstatane må ha i si lovgjeving, for å sikre føremålet med konvensjonen. Deriblant er det stilt nokre krav til korleis medlemsstatane skal gjennomføra straffeutmåling ved mishandling i nære relasjonar i artikkel (art.) 45 og 46. I art. 45 er det fastset krav til lovgjevinga angående straffereaksjonar og tiltak, medan art. 46 fastset krav til lovgjevinga angående kva som skal vera skjerpande omstende.

---

<sup>13</sup> Straffelova §§ 282 og 283 vart lagt til i straffelova 2005 ved lov 19. juni 2009 nr. 74, og trådte i kraft 1. januar 2010.

<sup>14</sup> Alle paragraferreferansar i oppgåva er til straffelova 2005 med mindre anna er påpeikt.

<sup>15</sup> Jf. Ot.prp. nr. 22 (2008-2009) punkt 16.6 s. 433-434.

<sup>16</sup> Jf. Ot.prp. nr. 22 (2008-2009) punkt 6.11 s. 198-199 og punkt 16.6 s. 433-434.

<sup>17</sup> Sjå Lov 19. juni 2009 nr. 74, Lov 25. juni 2010 nr. 46, Lov 24. juni 2011 nr. 32 og Lov 20. april 2018 nr. 6.

<sup>18</sup> Sjå Lov 19. juni 2009 nr. 74, Lov 25. juni 2010 nr. 46, Lov 24. juni 2011 nr. 32.

<sup>19</sup> Sjå Lov 20. april 2018 nr. 6 og Prop. 167 (2016-2017) s. 33-35.

<sup>20</sup> Jf. Jacobsen/Husabø/Grønning/Strandbakken, s. 28.

<sup>21</sup> *Council of Europe Convention on preventing and combating violence against women and domestic violence*, Istanbul, 11. May 2011, Council of Europe, Treaty series, No. 210, (Istanbul-konvensjonen). Den er omtala som Istanbul-konvensjonen i den vidare framstillinga.

<sup>22</sup> Jf. Istanbul-konvensjonen art. 1.

<sup>23</sup> Istanbul-konvensjonen kap. V gjeld materiell rett.

Istanbul-konvensjonen tredde i kraft i Norge den 1. november 2017, og Noreg har plikt til å følgje konvensjonen sine krav.<sup>24</sup> Denne plikta inneber at Istanbul-konvensjonen art. 45 og 46 har betydning for korleis ein skal gjennomføre straff for mishandling i nære relasjonar i Noreg. Følgjande er det interessant å undersøkje om Noreg overheld sine plikter etter Istanbul-konvensjonen ved straff for mishandling i nære relasjonar etter §§ 282 og 283. *Problemstillinga er derfor om straffereaksjonane etter straffebodet mot mishandling i nære relasjonar svarar til dei krava Istanbul-konvensjonen her stiller.*<sup>25</sup>

Temaet mishandling i nære relasjonar er grundig behandla i juridisk teori. Det er fleire juridisk verk som omhandlar §§ 282 og 283.<sup>26</sup> I tillegg finnes det artiklar knytt til mishandling i nære relasjonar og Istanbul-konvensjonen.<sup>27</sup> Det manglar derimot juridisk teori som gjer reie for straff etter straffebodet mot mishandling i nære relasjonar, og juridisk teori som undersøker om norsk rett overheld Istanbul-konvensjonen sine krav knytt til straff. Ser ein desse manglane i samanheng med at mishandling i nære relasjonar er eit stort samfunnsproblem, og at Noreg har plikt til å overhalde Istanbul-konvensjonen sine krav, så er det aktuelt å avklare om straffebodet mot mishandling i nære relasjonar overheld Istanbul-konvensjonen sine krav til straff.

I det følgjande fastset eg først nokre generelle utgangspunkt om Istanbul-konvensjonen og straffebodet mot mishandling i nære relasjonar, for å danne ein tilstrekkeleg bakgrunn til å kunne løyse oppgåva si problemstilling (kapitel 2). Deretter gjer eg reie for rammeverket for straff etter straffebodet i lys av Istanbul-konvensjonen sine krav (kapitel 3). Vidare analyserer eg Høgsterett sin straffeutmålingspraksis i lys av Istanbul-konvensjonen sitt rammeverk for straff (kapitel 4). I både kapitel 3 og 4 gjer eg ei løypande samanlikning mellom norsk rett og Istanbul-konvensjonen sine krav til straff, for å fastsetje om straff etter straffebodet mot mishandling i nære relasjonar overheld Istanbul-konvensjonen sine krav. Avslutningsvis gir eg nokre refleksjonar knytt til Istanbul-konvensjonen sin verknad i norsk rett (kapitel 5).

---

<sup>24</sup> Sjø Prop. 36 S (2023-2024) punkt 1.6 s. 24-25.

<sup>25</sup> «Straffebodet» i denne oppgåva er §§ 282 åleine eller §§ 282 og 283, sidan § 283 ikkje utgjer eit eige straffebod. Sjø kapitel 2.3 for grunngjeving.

<sup>26</sup> Dømesvis Skjørten/Bakketeig/Bjørnholt/Mossige, 2019, kap. 1. Kapitel 1 er ei generell utgreiing om utviklinga knytt til mishandling i nære relasjonar.

<sup>27</sup> Dømesvis Ørum, 2023, s. 184-207. I denne artikkelen vurderer Ørum om Noreg tilfredsstillar plikta etter Istanbul-konvensjonen om å kriminalisere mishandling av kjærastar.

## 2. Generelle utgangspunkt om Istanbul-konvensjonen og straffebodet mot mishandling i nære relasjonar

### 2.1 Innleiande merknadar

Kapitel 2 fokuserer på generelle utgangspunkt om Istanbul-konvensjonen og straffebodet mot mishandling i nære relasjonar. Før ein kan vurdere om straff etter straffebodet mot mishandling i nære relasjonar overheld Istanbul-konvensjonen sine krav til straff, er det føremålstenleg med meir informasjon knytt til både Istanbul-konvensjonen og straffebodet mot mishandling i nære relasjonar. Deriblant er det interessant å fastsetje bakgrunnen for konvensjonen sin verknad i norsk rett, sidan ei slik fastsetjing tydeleggjer kvifor konvensjonen har verknad for norsk rett. I tillegg er det interessant med nokre metodiske merknadar knytt til Istanbul-konvensjonen, sidan det gjeld eigne prinsipp for tolking av konvensjonar. Vidare er det òg interessant å gi oversikt over vilkåra for straff etter straffebodet mot mishandling i nære relasjonar, sidan straff for mishandling i nære relasjonar først er aktuelt dersom desse vilkåra er oppfylt. Dei nemnte elementa er eigna til å danne eit godt bakteppe, for å kunne vurdere om straff etter straffebodet mot mishandling i nære relasjonar overheld Istanbul-konvensjonen sine krav til straff det.

I det følgjande gjer eg derfor i korte trekk reie for bakgrunnen for Istanbul-konvensjonen sin verknad i norsk rett, og gir nokre metodiske merknadar (kapitel 2.2). Deretter gjer eg reie for vilkåra for straff etter straffebodet mot mishandling i nære relasjonar (kapitel 2.3).

### 2.2 Bakgrunnen for Istanbul-konvensjonen sin verknad i norsk rett, og metodiske merknadar

Istanbul-konvensjonen er utarbeida av Europarådet, som er ein regional organisasjon med fokus på menneskerettar.<sup>28</sup> Europarådet utarbeida først Den europeiske menneskerettskonvensjonen (EMK).<sup>29</sup> Deretter har organisasjonen utarbeida ytterlegare

---

<sup>28</sup> Jf. Aall, 2019, s. 696-699 og Mæhle/Aarli, 2017, s. 185-186.

<sup>29</sup> *Convention for the Protection of Human Rights and Fundamental Freedoms*, Roma, 4. November 1950, (Den Europeiske menneskerettskonvensjonen, EMK).

konvensjonar og traktar med fokus på menneskerettar, slik som Istanbul-konvensjonen.<sup>30</sup> Noreg er ein av fleire medlemsstatar i Europarådet.<sup>31</sup> Noreg underteikna Istanbul-konvensjonen 7. juli 2011 og ratifiserte konvensjonen den 2. juni 2017.<sup>32</sup> Underteikning skapar ei politisk plikt for staten, medan ratifikasjon inneber at staten er rettsleg plikta til å følgje konvensjonen.<sup>33</sup> Noreg hadde dermed plikt til å følgje Istanbul-konvensjonen sine krav frå 2. juni 2017, og den tredde i kraft i Noreg 1. november 2017. Derimot kan ikkje norske borgarar byggje rettar og plikter på Istanbul-konvensjonen, fordi Noreg har ikkje innarbeida konvensjonen i norsk rett.<sup>34</sup> Likevel er det grunn til å vurdere norsk rett opp mot Istanbul-konvensjonen sine krav, sidan Noreg som stat er juridisk plikta til å overhalde konvensjonen sine krav.<sup>35</sup>

Når det gjelder tolking av Istanbul-konvensjonen gjennom oppgåva, så skal eg tolke med utgangspunkt i Wien-konvensjonen om traktretten.<sup>36</sup> Noreg har ikkje ratifisert denne konvensjonen, men konvensjonen sine prinsipp for tolking av traktatar og konvensjonar er å rekne som folkerettsleg sedvanerett.<sup>37</sup> Folkerettsleg sedvanerett har verknad for alle statar. Følgjande har Wien-konvensjonen sine prinsipp for tolking av konvensjonar likevel relevans for tolkinga av konvensjonar som er Noreg er bunden av. Wien-konvensjonen sine prinsipp for tolking av konvensjonar kjem føre av art. 31-33. Etter desse prinsippa er ordlyden og føremålet med konvensjonane sentralt for tolkinga, og dessutan er det ein åtgang til å nytta andre tolkingsmiddel.<sup>38</sup>

---

<sup>30</sup> Istanbul-konvensjonen sine krav bidrar bl.a. til å sikre retten til liv etter EMK art. 2 og forbod mot tortur etter EMK art. 3.

<sup>31</sup> Jf. Mæhle/Aarli, 2017 s. 185.

<sup>32</sup> Sjø Prop. 66 S (2016-2017) og Innst. 301 S (2016-2017).

<sup>33</sup> Jf. Mæhle/Aarli, 2017, s. 167.

<sup>34</sup> Sjø Mæhle/Aarli, 2017, s. 167-169. Kravet om innarbeiding byggjer på det dualistiske prinsipp, som inneber at norsk rett og folkerett er to forskjellige system. Utslaget av det dualistiske prinsippet er at det er naudsynt å innarbeide ein folkerettsleg avtale i det norske rettssystemet for at den skal kunne gjelde som norsk rett. Innarbeiding kan skje ved transformasjon eller inkorporasjon. Transformasjon er å innarbeide gjennom å vedta eigne føresegn, som sikrar pliktene etter konvensjonen. Inkorporasjon er i motsetnad ei innarbeiding gjennom å vedta ei lov, som inkluderer konvensjonen slik den er.

<sup>35</sup> Sjø Prop. 36 S (2023-2024) punkt 1.6 s. 24-25. Her regjeringa gjer reie for Noreg sine internasjonale plikter knytt til å førebyggje og motarbeide vald mot kvinner og mishandling i nære relasjonar, og vald og seksuelle overgrep mot born.

<sup>36</sup> *Vienna Convention on the Law of Treaties*, Vienna, 23. May 1969 (entered into force 27 januar 1980), United Nations, Treaty Series, vol. 1155, p. 331, (Wien-konvensjonen).

<sup>37</sup> Jf. Aall, 2019, s. 690.

<sup>38</sup> Sjø Wien-konvensjonen art. 31-33.



På bakgrunn av Wien-konvensjonen art. 31 er ordlyden i Istanbul-konvensjonen sentral når ein skal fastsetje konvensjonen sitt innhald. Vidare er den forklarande rapporten for Istanbul-konvensjonen eit relevant tolkingsmiddel når ein skal tolke relevante artiklar i Istanbul-konvensjonen.<sup>39</sup> Dei forklarande rapportane er utarbeida av Europarådet, for å gi bakgrunnsinformasjon om innhaldet i dei ulike artiklane i konvensjonane.<sup>40</sup> Rapportane er ikkje ei autoritativ kjelde på lik linje som konvensjonar sin ordlyd, men dei er å rekne som ein primær tolkingsfaktor etter Wien-konvensjonen art. 31.<sup>41</sup> I tillegg er det òg mogeleg å nytta andre relevante rettskjelder som tolkingsbidrag. Ei relevant rettskjelde er boka «Preventing and combating violence against women and domestic violence – A Commentary on the Istanbul Convention», som inneheld utfyllande kommentarar til kvar artikkel i konvensjonen.<sup>42</sup> Juridisk teori er ikkje ein primær tolkingsfaktor etter Wien-konvensjonen art. 31, men relevant teori kan bidra til å underbyggje ein tolking av ordlyden.

I oppgåva nyttar eg ordlyden og den forklarande rapporten når eg skal fastsetje Istanbul-konvensjonen sitt innhald. I tillegg nyttar eg kommentarutgåva til å underbyggje tolkingane nokre stadar. Eg nyttar den uoffisielle norske omsetjinga av Istanbul-konvensjonen. Etter juridisk metode skal ein nytta versjon med offisielt språk. Istanbul-konvensjonen sine offisielle språk er engelsk og fransk. Derimot er det ikkje noko betydeleg tolkingstvil knytt til forståinga av Istanbul-konvensjonen sine krav til straff. I tillegg samsvarar den norske omsetjinga i stor grad med den engelske versjonen. Det er dermed ikkje noko risiko førebunden med å nytta den norske omsetjinga. Når ein samanstillar den låge risikoen med at det gir betre språkleg flyt i teksten å ha norske sitat i motsetnad til engelske sitat, så er det mest nærliggjande å nytta den uoffisielle norske omsetjinga.

## 2.3 Vilkår for straff etter straffebodet mot mishandling i nære relasjonar

Straff er etter straffebodet mot mishandling i nære relasjonar er først aktuelt dersom grunnvilkåra for straff er oppfylt. Grunnvilkåra for straff er at det er handla med forsett (§§ 21

---

<sup>39</sup> *Explanatory report to the Council of Europe Convention on preventing and combating violence against women and domestic violence*, Istanbul, 11. May 2011. Denne er omtala som den forklarande rapporten i den vidare framstillinga.

<sup>40</sup> Jf. Aall, 2019, s. 690.

<sup>41</sup> Jf. Aall, 2019, s. 690.

<sup>42</sup> Sjø De Vido/Frulli, 2023.

og 22), at det ikkje ligg føre noko rettferdiggjeringssgrunn (§§ 17-19) og at det ikkje ligg føre nokon unnskyldningsgrunnar i form av manglande skyldevne (§ 20).<sup>43</sup> Desse grunnvilkåra er ein naudsynt føresetnad for straff, og dei kjem føre av straffelova kapitel 3.

Vidare er det òg naudsynt at dei konkrete vilkåra i straffebodet er oppfylt. Ved ordinær mishandling kjem dei konkrete vilkåra føre av § 282. Det følgjer av § 282 første ledd at ein straffast med «fengsel inntil 6 år» dersom ein «alvorlig eller gjentatt mishandler» ved bruk av «trusler, tvang, frihetsberøvelse, vold eller andre krenkelser». Ei naturleg språkleg forståing av ordlyden «alvorlig eller gjentatt mishandler» inneber at det ligg føre ei mishandling, og at denne anten må vera gjennomført fleire gonger eller ha ein alvorleg karakter. Ordlyden «eller» tilseier at vilkåra er alternative vilkår. Vidare stiller ordlyden «trusler, tvang, frihetsberøvelse, vold eller andre krenkelser» krav til korleis mishandlinga må vera gjennomført. Her tilseier òg ordlyden «eller» at vilkåra er alternative vilkår. Føresegna stiller òg krav om at valdsutøvarer og offeret må ha ein av relasjonane i § 282 bokstav a-e, dersom det skal vera aktuelt med straffeforfølging etter § 282.<sup>44</sup> Desse relasjonane er å rekne som nære relasjonar, og ordlyden i føresegna tilseier at bokstav a-e uttømmende regulerer kva som er nære relasjonar.

Når det gjeld grov mishandling må både vilkåra i §§ 282 og 283 vera oppfylt. Paragraf 283 sin verknad er dermed avhengig av om vilkåra i § 282 er oppfylt, slik at § 283 ikkje utgjer eit eige straffebod. Det følgjer av § 283 første punktum at mishandlinga må vera «[g]rov», og at det gjelder ei høgare strafferamme for grov mishandling enn ved ordinær mishandling.<sup>45</sup> Vilkåret «grov» stiller krav til karakteren av mishandlinga og inneber at mishandlinga må vera veldig klanderverdig. Det er fastset i § 283 andre punktum kva som er relevant ved vurderinga av om mishandlinga er «grov». Det skal «særlig legges vekt på om den har hatt til følge betydelig skade eller død». Ordlyden «særlig legges vekt på» inneber at det er noko som skal ha særskilt vekt. Ser ein denne ordlyden i samanheng med ordlyden «betydelig skade

---

<sup>43</sup> Etter § 283 er det derimot tilstrekkeleg at det ligg føre aktløse knytt til skadefølgjene. Sjå her § 24 om utilsikta følge. Paragraf 24 inneber at det er tilstrekkeleg med aktløse knytt til følgjene av mishandlinga i form av «betydelig skade eller død» og «betydelig smerte».

<sup>44</sup> Etter § 282 er «nåværende eller tidligere ektefelle eller samboer» (bokstav a), «sin nåværende eller tidligere ektefelles eller samboers slektning i rett nedstigende linje» (bokstav b), «sin slektning i rett oppstigende linje» (bokstav c), «noen i sin husstand» (bokstav d), eller «noen i sin omsorg» (bokstav e), å rekne som nære relasjonar.

<sup>45</sup> I § 282 første punktum kjem det føre at «[g]rov mishandling i nære relasjoner straffes med fengsel inntil 15 år».

eller død», så skal det ha særskilt vekt om mishandlinga har alvorlege følger i form av omfattande skadar eller død. Ved fastsetjing av kva som ligg i «betydelig skade», så er legaldefinisjonen av «betydelig skade» i § 11 relevant.<sup>46</sup> Vidare er det relevant etter andre punktum å leggje vekt på mishandlinga sin «varighet» (bokstav a), «om den er utført på en særlig smertefull måte, eller har hatt betydelig smerte» (bokstav b) eller «om den er begått mot en forsvarløs person» (bokstav c). Denne opplistinga syner at ein må gjere ei heilskapsvurdering for å fastsetje om mishandlinga er «grov».

---

<sup>46</sup> Det følger av § 11 at «betydelig skade på kropp og helse» inneber «tap eller vesentlig svekkelse av en sans, et viktig organ eller en viktig kroppsdel, vesentlig vansirethet, livsfarlig eller langvarig sykdom, eller alvorlig psykisk skade».

## 3. Rammeverket for straff etter Istanbul-konvensjonen og straffebodet mot mishandling i nære relasjonar

### 3.1 Utgangspunkt

Kapitel 3 fokuserer på rammeverket for straff etter Istanbul-konvensjonen og straffebodet mot mishandling i nære relasjonar. Rammeverket for straff inneber dei generelle retningslinjene for straff, som kjem føre av relevante rettskilder. Når ein skal gjere reie for dei generelle retningslinjene for straff etter Istanbul-konvensjonen og straffebodet mot mishandling i nære relasjonar, er det naturleg å først ta utgangspunkt i kva som ligg i omgrepet straff. Straff er i juridisk teori blant anna definert som «et onde som staten tilføyer en lovovertreder på grunn av lovovertrædelsen, i den hensikt at han skal føle et onde».<sup>47</sup> Denne definisjonen av straff siktar til den konkrete straffereaksjonen. Det finnes ulike typar straffereaksjonar, som fengsel utan vilkår, fengsel på vilkår og samfunnsstraff.<sup>48</sup> Rettspraksis syner at straffenivå, reaksjonsval og fastsetjing av omfanget på straffereaksjonen er sentrale element når domstolane skal fastsetje straffereaksjonen.<sup>49</sup> Når ein skal gjere reie for rammeverket for straff etter Istanbul-konvensjonen og straffebodet mot mishandling i nære relasjonar, er det derfor relevant å fokusere på dei generelle retningslinjene for både straffenivå, reaksjonsval og fastsetjing av omfanget på straffereaksjon. Kapitel 3 omhandlar dermed Istanbul-konvensjonen og straffebodet mot mishandling i nære relasjonar sine rammeverk for straffenivå, reaksjonsval og fastsetjing av omfanget på straffereaksjonen.

I det følgjande gjer eg først reie for rammeverket for straffenivå og reaksjonsval, etter Istanbul-konvensjonen (kapitel 3.2) og straffebodet mot mishandling i nære relasjonar (kapitel 3.3) Vidare gjer eg reie for rammeverket for fastsetjing av omfanget på straffereaksjonen, etter Istanbul-konvensjonen (kapitel 3.4) og straffebodet mot mishandling i nære relasjonar (kapitel 3.5). I kapitel 3.3 og 3.5 gjer eg òg ei gjort ei løypande samanlikning mellom rammeverket til Istanbul-konvensjonen og straffebodet. Hensikta med samanlikninga er å

---

<sup>47</sup> Jf. Andenæs/Rieber-Mohn/Sæther, 2016, s. 9. Sjå òg her Rt. 1977 s. 1207.

<sup>48</sup> Dei ulike typane straffereaksjonar kjem føre av straffelova kapitel 5. Dei vanlege straffereaksjonane kjem føre av § 29, medan andre typar strafferettslege reaksjonar kjem føre av § 30.

<sup>49</sup> Sjå til dømes HR-2020-1345-A. Her fokuserte Høgsterett både på straffenivået, reaksjonsval og omfanget når dei fastsette straff for brot på § 282.

vurdere om rammeverket for straff etter straffebodet mot mishandling i nære relasjonar overheld Istanbul-konvensjonen sine krav til straff.

### 3.2 Rammeverket for straffenivå og reaksjonsval etter Istanbul-konvensjonen

Straffenivå er eit generelt utgangspunkt om kva styrke straffereaksjonen skal ha, medan reaksjonsval er den konkrete fastsetjinga av kva type straffereaksjon ein skal gi. Istanbul-konvensjonen fastsett ikkje eit spesifikt straffenivå, men konvensjonen stiller meir eksplisitte krav knytt til reaksjonsval.

Det følgjer av art. 45 nr. 1 siste punktum at straffereaksjonane «skal (...) omfatte fridomsstraff som kan gi grunnlag for utlevering», så lenge det er «føremålstenleg». Denne ordlyden inneber at medlemsstatane skal som hovudregel reagere med fridomsstraff, så lenge det er «føremålstenleg». Ordlyden «føremålstenleg» stiller krav til at det må vera mest gunstig å reagere med fridomsstraff. Fridomsstraff er typisk fengsel og forvaring, sidan desse utgjer ei fridomsrøving.<sup>50</sup> Art. 45 nr. 1 siste punktum fastsett i hovudsak krav til reaksjonsval ved straff for mishandling i nære relasjonar, men gir òg på eit vagt uttrykk for straffenivået etter Istanbul-konvensjonen. Fridomsstraff er ein alvorleg straffereaksjon, og ein hovudregel om å skulle reagere med fridomsstraff tilseier at det gjeld eit strengt straffenivå etter Istanbul-konvensjonen.

Art. 45 nr. 1 siste punktum stiller dermed både krav til straffenivå og reaksjonsval for mishandling i nære relasjonar. Hovudregelen om fridomsstraff utgjer derimot berre ein vag standard for straffenivå og reaksjonsval, sidan konvensjonen ikkje fastset kva som er «føremålstenleg». Det vil dermed vera opptil medlemsstatane sjølv å fastsetje om det er «føremålstenleg» med fridomsstraff eller ikkje. Ordlyden gir såleis uttrykk for at medlemsstatane har eit stort spelerom knytt til kva straffereaksjon ein skal reagere med. Den forklarande rapporten og juridisk teori underbygg denne forståinga.<sup>51</sup>

---

<sup>50</sup> Jf. Gröning/Husabø/Jacobsen, 2019, s. 612.

<sup>51</sup> Sjå Explanatory report, Istanbul, 2011, punkt 232, s. 49 og Mehta, 2023, s. 539. Både den forklarande rapporten og Mehta legg til grunn at art. 45 gir medlemsstatane eit vidt spelerom knytt til om ein skal gi fengselsstraff eller ikkje.

I denne sammenhengen er det òg relevant at art. Art. 45 nr. 2 fastset andre tiltak som medlemsstatane kan nytta ovanfor gjerningspersonane.<sup>52</sup> Ordlyden «som til dømes» tilseier at lista ikkje er uttømmande, men den gir oversikt over nokre tiltak som kan vera føremålstenleg. Når medlemsstatane har moglegheit til å nytta andre tiltak ovanfor gjerningspersonane, så nyanserer det krava til straffenivå og reaksjonsvalet etter art. 45 nr. 1.

Vidare har òg art. 45 nr. 1 første punktum litt relevans for straffenivå og reaksjonsval. Her kjem det føre at medlemsstatane «skal (...) sikre at handlingar som er fastsette som straffbare etter denne konvensjonen, kan straffast med effektive, forholdsmessige og avskrekkande straffereaksjonar». Første punktum stiller her tre krav til straffereaksjonane for mishandling i nære relasjonar. Desse krava tilseier at medlemsstatane kan gi kva som helst straffereaksjon, så lenge dei er «effektive, forholdsmessige og avskrekkande». Følgjande tilseier òg desse krava at statane har eit vidt spelerom knytt til straffenivået og reaksjonsval for mishandling i nære relasjonar.<sup>53</sup>

Istanbul-konvensjonen art. 45 stiller dermed krav om at ein skal som utgangspunkt gi streng straff, men at det er mogleg å gjere unntak. Ein føresetnad er uansett at straffereaksjonen skal vera «effektive, forholdsmessige og avskrekkande». Desse krava utgjer derimot berre ein vag standard for straffenivå og reaksjonsval, slik at medlemsstatane har ein stor skjønnsmargin knytt til straffenivået og val av reaksjon. Å ha skjønnsmargin inneber at statane handlefridom knytt til korleis dei skal sikre ei plikt.<sup>54</sup>

### 3.3 Rammeverket for straffenivå og reaksjonsval etter straffebedet mot mishandling i nære relasjonar

Etter § 282 er strafferamma «fengsel inntil 6 år», medan strafferamma etter § 283 er «fengsel inntil 15 år». Strafferammene dannar generelt sett ei øvre grense i straffeutmålinga etter straffebedet. Dei konkrete strafferammene tilseier at straffenivået kan vera høgt. Fengsel er

---

<sup>52</sup> Etter art. 45 nr. 2 kan medlemsstatane òg nytta andre tiltak ovanfor gjerningspersonane, slik som «overvåking av eller tilsyn med straffedømte personer» eller «tap av foreldremyndighet, dersom barnets beste, som kan omfatte offerets sikkerhet, ikke kan sikres på annen måte.»

<sup>53</sup> Sjø og Mehta, 2023, s. 543.

<sup>54</sup> Sjø Sørensen, 2004, s. 134.

ein svært inngrepande og alvorleg straffereaksjon, og alvorsgraden aukar i takt med lengda på fengselsstraffa.

Førearbeida syner at det skjedde ei skjerping av straffenivået for mishandling i nære relasjonar ved vedtakinga av §§ 282 og 283.<sup>55</sup> I førearbeida kjem det føre at straffenivået for mishandling i nære relasjonar «generelt bør ligge noe over straffenivået for samanliknbare voldslovbrudd».<sup>56</sup> Førearbeidsutsegna syner at lovgjevar ynskjer å straffe mishandling i nære relasjonar strengare enn tilsvarande valdslovbrot. Bakgrunnen for denne skjerpinga er karakteren av lovbrotet. Mishandling i nære relasjonar skjer ofte over lenger tid, og alvoret av lovbrotet aukar grunna den psykologiske bindinga mellom gjerningspersonen og offeret.<sup>57</sup> I tillegg kjem det føre av førearbeida at «frykten for vold og følelsen av å leve i et trusselregime, kunne oppleves som verre enn de enkelte voldshandlinger».<sup>58</sup> Denne grunngevinga for det skjerpa straffenivået er òg lagt til grunn av stortingskomiteen.<sup>59</sup>

Høgsterett har òg gjort reie for straffenivået i fleire dommar knytt til straffeutmåling for mishandling i nære relasjonar, og dessutan gir straffeutmålinga deira uttrykk for kva straffenivået er. Deriblant gjorde Høgsterett reie for straffenivået i HR-2020-1345-A. Dommen omhandla straffeutmåling for fysisk og psykisk mishandling av ektefelle i ein periode på 10 månadar etter § 282. Her påpeikte førstevoterande at det hadde skjedd ei skjerping av strafferamma for mishandling i nære relasjonar, og viste til den nemnte førearbeidsutsegna.<sup>60</sup> Førstevoterande legg deretter til grunn at det har skjedd ei betydeleg skjerping av straffenivået, og at rettspraksis i forkant av denne skjerpinga har avgrensa relevans/betydning for straffenivået ved mishandling i nære relasjonar.<sup>61</sup>

Ser ein straffenivået etter §§ 282 og 283 i samanheng med straffenivået etter Istanbul-konvensjonen, er det klart at Noreg har stilt opp eit meir spesifikt straffenivå enn Istanbul-konvensjonen. I tillegg verkar det norske straffenivået strengare enn det som er naudsynt etter Istanbul-konvensjonen, sidan det norske straffenivået er skjerpa betydeleg. Desse skilnadane

---

<sup>55</sup> Sjø Ot.prp. nr. 22 (2008-2009) s. 198-199.

<sup>56</sup> Jf. Ot.prp. nr. 22 (2008-2009) s. 199.

<sup>57</sup> Jf. Ot.prp. nr. 22 (2008-2009) s. 199.

<sup>58</sup> Jf. Ot.prp. nr. 22 (2008-2009) s. 199.

<sup>59</sup> Sjø 73 (2008-2009) s. 37.

<sup>60</sup> Sjø HR-2020-1345-A avsnitt 11.

<sup>61</sup> Sjø HR-2020-1345-A avsnitt 13.

er derimot ikkje problematiske. Som nemnt opnar dei vage krava til straffenivået i Istanbul-konvensjonen, for at medlemsstatane har skjønnsmargin knytt til straffenivået. Det vil vera samsvar mellom straffenivåa, så lenge det norske straffenivået er innanfor denne skjønnsmarginen. Det strenge straffenivået etter straffebodet mot mishandling i nære relasjonar, vil bidra til meir effektiv førebygging og motverking av vald mot kvinner. Det norske straffenivået sikrar dermed Istanbul-konvensjonen sitt føremål betre straffenivå. I denne samanhengen er det òg relevant å påpeike at krava etter Istanbul-konvensjonen berre er minimumskrav. Følgjande er det ikkje problematisk at Noreg er meir eksplisitte, og at det gjeld eit strengare straffenivå etter straffebodet mot mishandling i nære relasjonar.

Vidare når det gjeld krav om reaksjonsval, så syner både §§ 282 og 283 at det er mogeleg å gi fengsel som straffereaksjon.<sup>62</sup> Derimot inneber ikkje ordlyden at ein må gi fengselsstraff. Det er dermed naturleg å ta utgangspunkt i §§ 29 og 30 når ein skal velje straffereaksjon, sidan dei ulike typane straffereaksjonane kjem føre her. Kva straffereaksjon ein skal reagere med følgjer av ei samansett vurdering der både straffebodet sin karakter, og dei faktiske forholda i saka er av betydning.<sup>63</sup> Både §§ 282 og 283 sin karakter tilseier at utgangspunktet bør vera at ein skal reagere med fengselsstraff utan vilkår, sidan det er eit svært alvorleg lovbrøt med stor risiko for langtidsverknadar. Eit utgangspunkt om fengselsstraff er derfor lagt til grunn i både førearbeid og rettspraksis.<sup>64</sup> Følgjande gjelder det ein hovudregel om at ein bør reagere med fengsel utan vilkår ved straff etter §§ 282 og 283.

Derimot kan dei faktiske forholda tilseie at ein bør vike frå hovudregelen om fengsel utan vilkår ved straffeutmålinga etter både §§ 282 og 283. Rt. 2012 s. 1089 er eit døme på når Høgsterett gjorde unntak frå hovudregelen om fengsel utan vilkår. Her utmålte Høgsterett straff etter straffelova 1902 § 219, og kom ved dissens til at 120 dagar av gjerningspersonen sin åtte månadar lange fengselsstraff skulle vera på vilkår.<sup>65</sup> Fleirtalet viste til utgangspunktet om fengselsstraff utan vilkår, og at det gjeld eit strengt straffenivå for denne typen lovbrøt, men konkluderte med at dei vidtgåande konsekvensane tilsa at straffa burde vera på vilkår.<sup>66</sup>

---

<sup>62</sup> Jf. ordlyden «fengsel inntil 6 år straffes» og «straffes med fengsel inntil 15 år».

<sup>63</sup> Jf. Gröning/Husabø/Jacobsen, 2019, s. 611-612.

<sup>64</sup> Jf. Prop. 97 L (2009-2010), Rt. 2014 s. 1011 avsnitt 24, Rt. 2015 s. 1115 avsnitt 14 og HR-2019-1675-A avsnitt 69.

<sup>65</sup> Dommen gjeld § 219, men har likevel relevans for når ein skal gjere unntaka frå hovudregelen om fridomsstraff, sidan paragraf 282 og 283 vidareførte innhaldet i § 219.

<sup>66</sup> Jf. Rt. 2012 s. 1089 avsnitt 25-30.



I tillegg syner Rt. 2015 s. 1115 at det er mogeleg å gjere unntak frå denne hovudregelen ved å heller gi samfunnsstraff. I denne saka vurderte Høgsterett om det var grunnlag for å gi ei mor samfunnsstraff for mishandlinga ho hadde utøvd ovanfor sine to søner. Høgsterett sitt fleirtal la til grunn utgangspunktet om fengselsstraff utan vilkår, og fastsette at det ville være grunnlag for å gi samfunnsstraff dersom det låg føre «tungtveiende grunner».<sup>67</sup> Fleirtalet konkluderte med at det låg føre «tungtveiende grunner», fordi mora var den sentrale omsorgspersonen, ho var den einaste i fast arbeid, ho hadde hatt omsorg for dei heile deira liv og borna var svært sårbare.

Høgsterett har òg i fleire andre saker vurdert om det er grunnlag for å gjere unntak frå hovudregelen med fengselsstraff utan vilkår, men konkludert med at det ikkje har vore grunnlag for å gjere unntak. Deriblant i HR-2019-1675-A, som gjaldt straffeutmåling etter § 282, jf. § 283. I denne saka hadde eit born døydd som følgje av spiseforstyrning. Mora hadde ikkje skaffa dottera naudsynt helsehjelp. Høgsterett meinte mishandlinga var å rekne som grov mishandling i nære relasjonar, og konkluderte med at det ikkje var grunnlag for at noko av fengselsstraffa skulle vera på vilkår.<sup>68</sup> Høgsterett konkluderte med det same i Rt. 2014 s. 1011. I denne saka utmålte Høgsterett straff etter straffelova 1902 § 219. Dei vurderte om det var grunnlag for at delar av fengselsstraffa skulle vera på vilkår, og konkluderte på bakgrunn av allmenn – og individualpreventive omsyn at det ikkje var grunnlag.<sup>69</sup>

Desse sakene syner at hovudregelen om fengselsstraff utan vilkår er sterk, og det skal ein del til før det er grunnlag for å gjere unntak frå hovudregelen. Det er vidare naturleg at hovudregelen om fengsel utan vilkår står enda sterkare ved straffeutmåling for grov mishandling, sidan slike lovbrott har eit enda større alvor enn ordinær mishandling etter § 282. Dermed gjeld det i likskap med Istanbul-konvensjonen, ein hovudregel om fridomsstraff med ein snever åtgang til å gjere unntak.

Derimot har norsk rett meir spesifikke unntak frå hovudregelen om fridomsstraff, sidan det er oppstilt unntak med fengsel på vilkår ved særlege grunnar og samfunnsstraff ved tungtvegande grunnar. Etter Istanbul-konvensjonen er det berre eit vagt unntak frå

---

<sup>67</sup> Jf. Rt. 2015 s. 1115 avsnitt 20.

<sup>68</sup> Sjø HR-2019-1675-A avsnitt 73.

<sup>69</sup> Sjø Rt. 2014 s. 1011 avsnitt 23-26.

hovudregelen gjennom vilkåret «føremålstenleg». Denne skilnaden er ikkje problematisk. Ordlyden i art. 45 med støtte frå den forklarande rapporten og juridisk teori, tilseier at medlemsstatane har ein vid skjønnsmargin knytt til straffenivå og reaksjonsval. I tillegg er det er gode grunnar for at det ikkje vil vera mest «føremålstenleg» med fengsel utan vilkår, dersom det anten ligg føre særlege grunnar eller tungtvegande grunnar for ein anna straffereaksjon. Det er naturleg at Noreg er meir spesifikke, sidan Istanbul-konvensjonen sine krav er vage standarar. Det er gode grunnar for at ein medlemsstat bør fastsetje meir spesifikke retningslinjer på eigenhand, sidan medlemsstaten då vil kunne danne retningslinjer som både er i tråd med konvensjonen sine krav og nasjonal rett.

### 3.4 Rammeverket for fastsetjing av omfanget på straffereaksjonen etter Istanbul-konvensjonen

Fastsetjing av omfanget på straffereaksjonen er konkret, og knyter seg til utmålinga av lengda på straffereaksjonen i den enkelte saka. Både art. 45 nr. 1 første punktum og art. 46 er ein del av rammeverket for fastsetjing av omfanget på straffereaksjonen etter Istanbul-konvensjonen.

Etter art. 45 nr. 1 første punktum skal medlemsstatane «sikre at handlingar som er fastsette som straffbare etter denne konvensjonen, kan straffast med effektive, forholdsmessige og avskrekkande straffereaksjonar». I tillegg kjem det føre av første punktum at det skal «takast omsyn til handlinga si alvorlege karakter» ved straffeutmålinga. Ordlyden «effektive (...) straffereaksjonar» inneber at straffereaksjonen må vera verknadsfull. Ser ein denne ordlyden i samanheng med bakgrunnen for straff, så er det naturleg å forstå ordlyden som at straffereaksjonen må vera eigna til å sikre målet med straffa. Når det gjeld kravet «avskrekkande straffereaksjonar», så tilseier ordlyden krav om at straffereaksjonen må vera preventiv. Denne ordlyden er vid nok til at det omfattar krav om både allmenn – og individualpreventive verknadar. Vidare tilseier ordlyden «forholdsmessige (...) straffereaksjonar» at det må vera høve mellom straffereaksjonen og det gjerningspersonen har gjort. Når ein skal sjå til kva gjerningspersonen har gjort er det naturleg å fastsetje kva alvor lovbrottet har, og kva skyld gjerningspersonen har utvist. Kravet om «forholdsmessige (...) straffereaksjonar» har dermed ein direkte samanheng til kravet om at det skal «takast omsyn

til handlinga si alvorlege karakter». <sup>70</sup> Istanbul-konvensjonen avklarar ikkje kva som ligg i «effektive, forholdsmessige og avskrekkande straffereaksjonar». Den forklarande rapporten gir heller ikkje uttrykk for kva som ligg i desse krava. Følgjande tilseier rettskjeldebiletet at statane òg har eit vidt spelerom knytt til fastsetjinga omfanget på straffereaksjonen. <sup>71</sup>

Det kjem òg føre av art. 45 nr. 1 første punktum at medlemsstatane skal sikre mogelegheita for slike straffereaksjonar gjennom «lovgiving eller på annan måte». Denne ordlyden syner at medlemsstatane har eit skjønns kring korleis dei vel å leggje til rette for slike straffereaksjonar. Derimot inneber ordlyden «skal» at medlemsstatane må leggje til rette for slike straffereaksjonar. <sup>72</sup> Medlemsstatane har derfor ikkje noko skjønns knytt til om dei skal leggje til rette for slike straffereaksjonar eller ikkje.

Vidare stiller art. 46 krav til lovgjevinga angående kva som skal vera skjerpande omstende. Det kjem føre av art. 46 at medlemsstatane «skal» «ved lovgiving eller på annan måte treffe dei tiltaka som er naudsynte for å sikre at» «følgjande omstende» kan bli vurdert som skjerpande «ved utmåling av straff for handlingar som er straffbare etter denne konvensjonen, i den grad dei ikkje allereie er ein del av den straffbare handlinga». Deretter er det nemnt ulike skjerpande omstende i bokstav a-i.

Art. 46 fungerer som ein presisering av kravet om «effektive, forholdsmessige og avskrekkande straffereaksjonar», sidan dei skjerpande omstenda gir konkret uttrykk for kva som gjer eit lovbrøt meir klanderverdig. Ordlyden «skal» inneber at medlemsstatane må sikre at ein kan legge skjerpande vekt på dei aktuelle omstenda. Medan ordlyden «ved lovgiving eller på annan måte», tilseier at medlemsstatane har eit spelerom for korleis dei sikrar at ein kan legge skjerpande vekt på dei aktuelle omstenda. Vidare tydar ordlyden «følgjande omstende» på at lista over skjerpande omstende i bokstav a-i er uttømmende. I det følgjande gjer eg reie for kva dei ulike skjerpande omstenda i bokstav a-i inneber.

---

<sup>70</sup> Her kan ein òg sjå til Europarådet sin informasjonsbrosjyre om Istanbul-konvensjon, jf. Leaflet, Istanbul, 2011 s. 3. Brosjyren har ingen rettskjeldeverdi, men sett i samanheng med Istanbul-konvensjonen, så er den eigna til å kaste lys over kva konvensjonen krevjar meir konkret av medlemsstatane. I brosjyren fremjar Europarådet bl.a. at konvensjonen sine krav inneber at medlemsstatane må sikre at dei straffar vald mot kvinner på ein adekvat måte.

<sup>71</sup> Sjø Mehta, 2023, s. 543.

<sup>72</sup> Sjø art. 45 nr. 1 sin ordlyd «skal ved lovgiving eller på annan måte (...)».

Etter art. 46 bokstav a skal det vera skjerpande dersom lovbrottet er «utført mot ein person som etter intern rett er tidlegare eller noverande ektefelle eller partner, av eit familiemedlem, ein person som bur saman med offeret, eller ein person som har misbrukt stillinga si». Denne bokstaven fastset dermed at det er skjerpande dersom lovbrottet er utført mot ein type personar eller av ein type personar. Ordlyden syner at det sentrale er relasjonane. Det kjem føre av Istanbul-konvensjonen sin forklarande rapport at desse relasjonane har tillitselementet til felles, og at det kan oppstå emosjonelle skadar som følgje av brot på den tilliten som ligg i desse relasjonane.<sup>73</sup> Det er naturleg å forstå rapporten slik at det var dei moglege konsekvensane av mishandling i desse relasjonane, som danna bakgrunnen for det skal vera skjerpande om valden skjer i slike relasjonar.

Vidare kjem det føre av bokstav b at det skal vera skjerpande om «den straffbare handlinga eller relaterte handlingar, vart utført gjentekne gonger». Denne ordlyden inneber at det er grunnlag for å leggje skjerpande vekt på om valden, eller relaterte handlingar, er gjennomført fleire gonger. I den forklarande rapporten er det lagt til grunn at det er vanleg at valden eller relaterte handlingar ofte er utført fleire gonger med vald i heimen.<sup>74</sup> Det er naturleg at det aukar alvorret av den straffbare handlinga, dersom den eller relaterte handlingar er utført fleire gonger. Gjentakande vald aukar dei psykiske påkjenningane.<sup>75</sup> Følgjande er det naturleg at det er skjerpande om valden er utført fleire gonger.

Medan det etter bokstav c er skjerpande om «den straffbare handlinga vart utført mot ein person som var sårbar på grunn av særlege omstende». Ordlyden «sårbar» inneber at personen må vera utsett på eit vis og mindre motstandsdyktig. Sett i samanheng med ordlyden «på grunn av særlege omstende», så må personen vera utsett og mindre motstandsdyktig på grunn av noko utanom det vanlege. Dermed er det ikkje nok at personen berre er sårbar. Bokstav c gir ikkje noko føringar på kven som faller innanfor denne kategorien, men den forklarande rapporten gir vegleing på personar som typisk kan vera innanfor kategorien.<sup>76</sup> Det er naturleg

---

<sup>73</sup> Jf. Explanatory report, Istanbul, 2011, punkt 236, s. 40; «The common element of these cases is the position of trust which is normally connected with such a relationship and the specific emotional harm which may emerge from the misuse of this trust when committing an offence within such a relationship».

<sup>74</sup> Jf. Explanatory report, Istanbul, 2011, punkt 237, s. 40; «This is often the case in situations of domestic violence, which inspired the drafters to require the possibility of increased court sentences.».

<sup>75</sup> Sjø Rossetti, 2023, s. 556.

<sup>76</sup> Sjø Explanatory report, Istanbul, 2011, punkt 87, s. 16-17 «persons made vulnerable by particular circumstances include: pregnant women and women with young children, persons with disabilities....».

at det er skjerpande om mishandlinga er gjort ovanfor slike personar, sidan mishandlinga vil vera meir klanderverdig når offeret har meir eller mindre evne til å gjere motstand.

Etter bokstav d skal det vera skjerpande om «den straffbare handlinga vart utført mot eit barn eller medan eit barn var til stades». Ordlyden «eller medan eit barn var til stades» syner at born er rekna som eit form for offer uansett, sidan det ikkje er naudsynt at gjerninga er gjort ovanfor dei. Denne bokstaven inneber dermed at born får eit auka rettsvern mot mishandling i nære relasjonar, sidan det vil vera skjerpande uansett om mishandlinga er gjort ovanfor, eller i nærleiken av eit born. Bokstav d syner dermed at mishandling ovanfor born står i ei særskilt stilling. I den forklarande rapporten er det lagt til grunn at det var ynskjeleg å understreke alvoret av at slike handlingar var retta mot born.<sup>77</sup>

Vidare er det skjerpande etter bokstav e om «den straffbare handlinga vart utført av to eller fleire personar i fellesskap». Denne ordlyden understrekar alvoret av kollektiv utføring av mishandlinga. Det vil ofte vera ei større påkjenning for offeret dersom fleire har utført lovbrota. I tillegg vil ofte kollektiv mishandling vera vanskelegare å gjere motstand mot. Desse elementa tilseier at lovbrotet er meir alvorleg dersom det er utført av fleire. Dermed er det naturleg at det er skjerpande om fleire har utført lovbrotet.

Etter bokstav f er det skjerpande om «det vart utført svært grov vold i forkant av eller under den straffbare handlinga». Ordlyden «svært grov vold» tilseier at det må vera utført ein veldig omfattande form for vald. Sett i samanheng med resterande ordlyd i er det skjerpande både om denne valden er utført før, eller under den straffbare handlinga. Det er naturleg at denne omstenda er skjerpande, fordi slik vald aukar intensiteten og alvoret av den straffbare handlinga. Grov fysisk vald inneber ein stor risiko for offeret sitt liv.<sup>78</sup>

Etter bokstav g er det skjerpande om «den straffbare handlinga vart utført med bruk eller trussel om bruk av eit våpen». Ordlyden syner at det er skjerpande dersom det er nytta element som har stort skadepotensiale, eller det er trua med å bruke slike element. Det er naturleg at bruk av eller truslar med bruk av våpen er skjerpande, sidan det sannsynlegvis vil

---

<sup>77</sup> Jf. Explanatory report, Istanbul, 2011, punkt 239, s. 40; «The drafters wished to highlight the particularly culpable behavior if any of the offences established».

<sup>78</sup> Jf. Explanatory report, Istanbul, 2011, punkt 241, s. 41; «...particularly high in intensity and present a serious risk to the life of the victim.».

auke belastninga for offeret. I tillegg kan det auke risikoen for at det oppstår meir alvorleg vald dersom det anten er brukt våpen, eller det har blitt trua med bruke av det.<sup>79</sup>

Det følgjer av vidare av bokstav h at det er skjerpande om «den straffbare handlinga har påført offeret alvorleg fysisk eller psykisk skade». Ordlyden «alvorleg» inneber etter naturleg språkleg forståing at skaden ikkje kan gå raskt over, slik at den stiller krav til varigheita. I tillegg er det naturleg å forstå ordlyden, som at den òg stiller krav til omfanget på skadeverknadane. Det kjem føre av den forklarande rapporten at bokstaven særleg siktar til langvarige konsekvensar på offeret si helse.<sup>80</sup> Det er naturleg at slike konsekvensar er skjerpande, sidan mishandlinga vil påverke offeret i lang tid.

Det siste skjerpande elementet kjem føre av bokstav i, og det er om «valdsutøveren er tidlegare straffedømd for liknande straffbare handlingar». Denne bokstaven syner at det er meir alvorleg dersom gjerningspersonen har gjort liknande straffbare handlingar før. Det er større sannsyn for gjentakning dersom vedkommande allereie har utført liknande handlingar tidlegare, slik at det er naturleg at det er skjerpande om valdsutøveren er tidlegare straffedømd for liknande straffbare handlingar.<sup>81</sup>

Denne utgreiinga syner at art. 45 og 46 gir eit spelarom knytt til fastsetjing av omfanget på straffereaksjonane. Art. 45 stiller eit krav om at straffereaksjonen skal vera «effektiv[], forholdsmessig[] og avskrekkande», som gir rom for ein vid skjønnsmargin. Derimot fungerer dei skjerpande omstenda i art. 46, som ei presisering av kva «effektive, forholdsmessige og avskrekkande straffereaksjonar» er. Følgjande innsnevrar art. 46 statane sin skjønnsmargin i noko grad, sidan dei må leggje skjerpande vekt på dei relevante omstenda i bokstav a-i.

---

<sup>79</sup> Jf. Explanatory report, Istanbul, 2011, punkt 242, s. 41; «...as it may cause serious violence, including the death of the victim.».

<sup>80</sup> Jf. Explanatory report, Istanbul, 2011, punkt 243, s. 41; «...in particular long-term health consequences for the victim.».

<sup>81</sup> Sjø Explanatory report, Istanbul, 2011, punkt 244, s. 41; «...the particular risk of recidivism for many of the offences covered by the Convention, in particular domestic violence.».

### 3.5 Rammeverket for fastsetjing av omfanget på straffereaksjonen etter straffebodet mot mishandling i nære relasjonar

Rammeverket for fastsetjing av omfanget på ein straffereaksjon etter straffebodet mot mishandling i nære relasjonar, byggjer både på generelle strafferettslege retningslinjer og spesifikke retningslinjer. Dei generelle strafferettslege retningslinjene for fastsetjing av omfanget på straffereaksjonen, er strafferetten sine prinsipp og dei generelle utmålingsmomenta i §§ 77 og 78.

Strafferetten sine prinsipp dannar bakgrunnen for kvifor ein skal straffe nokon for eit lovbrøt. Når strafferetten sine prinsipp dannar grunngevinga for kvifor ein straffar nokon, er det naturleg at dei òg er retningsgivande for korleis ein skal straffe ein lovbrøytar. Korleis ein bør straffe vil vera avhengig av korleis strafferetten sine prinsipp kjem til uttrykk i den konkrete saka. Strafferetten sine prinsipp er klanderverdigheit, allmennprevensjon og individualprevensjon.<sup>82</sup> Prinsippet om klanderverdigheit er ofte omtalt som skyldprinsippet.<sup>83</sup> Skyldprinsippet inneber at «kun den som kunne og burde ha handlet annerledes og derfor kan klandres, skal holdes ansvarlig og straffes, og da kun i tråd med den skyld vedkommende har utvist.»<sup>84</sup> Etter skyldprinsippet vil dermed lengda på straffa auke i takt med skylda som er utvist. Vidare inneber prinsippet om allmennprevensjon at straffa skal påverke åtferda til ålmennheita, medan prinsippet om individualprevensjon inneber at straffa skal påverke åtferda til den konkrete lovbrøytaren. Prinsippa om allmenn- og individualprevensjon tilseier dermed at lengda på straffa er avhengig av kva som sikrar best påverknad på ålmennheita og individet.

Når det gjeld dei generelle utmålingsmomenta, så fastset § 77 skjerpande omstende ved straffeutmålinga og § 78 fastset formildande omstende. Det følgjer blant anna av § 77 at ved straffeutmålinga «skal det i skjerpende retning især tas i betraktning at lovbruddet» «har satt menneskers liv eller helse i fare (...)», «har rammet personer som er forsvarsløse eller særlig utsatt for lovbrudd», og «er begått i nærvær av barn under 15 år».<sup>85</sup> Vidare følgjer det blant anna av § 78 at ved straffeutmålinga «skal det i formildende retning især tas i betraktning at»

---

<sup>82</sup> Sjø Ot.prp. nr. 90 (2003-2004) punkt 6.2-6.3 s. 77-80 og NOU 2014: 10 punkt 3.1 s. 406-407.

<sup>83</sup> Sjø bl.a. NOU 2014: 10 punkt 3.1 s. 406-407 og Gröning/Husabø/Jacobsen, 2019, s. 695.

<sup>84</sup> Jf. Gröning/Husabø/Jacobsen, 2019, s. 48.

<sup>85</sup> Jf. Paragraf 77 bokstav b, h og l.

«lovbruddet i betydelig grad er foranlediget av den skadelidtes forhold», «det har gått lang tid siden lovbruddet, eller saksbehandlingen har tatt lengre tid enn rimelig ut fra lovbruddets art, uten at lovbrøtteren kan lastes for 3», og «lovbrøtteren har avgitt en uforbeholden tilståelse (...)».<sup>86</sup> Ordlyden «især tas i betraktning» tilseier at §§ 77 og 78 ikkje utgjør uttømmende lister over skjerpande eller formildande omstende. Førarbeida syner òg at lovgjevar hadde til hensikt at listene ikkje skulle vera uttømmende.<sup>87</sup> Følgjande kan domstolane òg ta i betraktning andre relevante omstende i skjerpande og formildande retning.

Lovgjevar har lista opp dei skjerpande omstenda i § 77 bokstav a-l, og dei formildande omstenda i § 78 bokstav a-i. Listene over skjerpande og formildande omstende er eit meir spesifikt utslag av strafferetten sine prinsipp, fordi dei fastset konkrete element som talar for strengare eller mildare straff. På denne måten er både §§ 77 og 78 eit meir direkte uttrykk for skyldprinsippet, sidan momenta gir uttrykk for kva som gjer lovbrøtet meir eller mindre klanderverdig. I tillegg gir det generelle utmålingsmomentet i § 78 bokstav h uttrykk for individualpreventive omsyn. Etter bokstav h kan domstolane vektlegge i formildande retning om «det er gode utsikter til rehabilitering».

Ei straffeutmåling på bakgrunn av strafferetten sine prinsipp og dei generelle utmålingsmomenta vil truleg kunne resultere i at straffereaksjonen er «effektiv[], forholdsmessig[] og avskrekkande[]». I tillegg inneber dei skjerpande omstenda at ein får tatt omsyn til «handlinga si alvorlege karakter» ved straffeutmålinga. Det verkar dermed som dei generelle retningslinjene er i tråd med art. 45.

Når det gjeld art. 46, så er det klart at fleire av momenta i § 77 samsvarar med dei skjerpande momenta i art. 46. Derimot er det òg klart at § 77 ikkje inkluderer alle straffeskerpande omstende som kjem føre av art. 46. Til dømes gir ikkje § 77 uttrykk for at det skal vera skjerpande om det «vart utført svært grov vold i forkant av eller under den straffbare handlinga».<sup>88</sup> Når lovgjevar ikkje har inkludert alle skjerpande omstende frå art. 46, så kan det tyde på at dei generelle retningslinjene ikkje fullstendig samsvarar med Istanbul-konvensjonen sine krav. Derimot stenger ikkje § 77 for at det er mogeleg å vektlegge

---

<sup>86</sup> Jf. Paragraf 78 bokstav c, e og f.

<sup>87</sup> Sjø Ot.prp. nr. 8 (2007-2008) punkt 4.3.3 s. 38.

<sup>88</sup> Sjø her art. 46 bokstav f.



omstendet i skjerpande retning, sidan lista ikkje er uttømmende.<sup>89</sup> Etter art. 46 har medlemsstatane eit fritt spelerom knytt til korleis dei legg til rette for skjerpande vektlegging av omstenda. Følgjande er det ikkje problematisk at § 77 ikkje gir uttrykk for alle skjerpande omstende etter art. 46.

Vidare når det gjeld dei spesifikke retningslinjene for fastsetjing av omfanget på straffereaksjonen etter straffebodet mot mishandling i nære relasjonar, så kjem desse føre av gjerningsskildringane til straffebodet og førearbeida. Gjerningsskildringa i eit straffebod er retningsgivande for kva moment som er relevant å vektleggje i straffeutmålinga. Etter gjerningsskildringa i § 282 er det relevant å ta i betraktning alvorret og kontinuiteten i mishandlinga ved straffeutmålinga etter § 282, sidan ordlyden i første ledd krevjar at dei krenkjande handlingane må vera «alvorlig eller gjentatt». Vidare syner gjerningsskildringa i § 283 at ein kan fastsetje om mishandlinga er «grov» utifrå om den har hatt alvorlege følgjer i form av skadar eller død, lengda på mishandlinga, kven offeret er og karakteren av mishandlinga.<sup>90</sup> Til trass for at elementa kjem føre av § 283, så har dei relevans ved fastsetjing av straff etter både §§ 282 og 283. Det alltid naudsynt å fastsetje kor «grov» mishandlinga er når ein skal fastsetje omfanget på straffereaksjonen ved mishandling i nære relasjonar. Følgjande gir både gjerningsskildringane i §§ 282 og 283 ein indikasjon på kva element som er relevant ved fastsetjing av omfanget på straffereaksjonen.

I førearbeida til §§ 282 og 283 er det spesifisert kva som er sentralt ved straffeutmålinga etter straffebodet. Her kjem det føre at det av betydning for utmålinga «hvor grove voldshandlingene er, mishandlingens varighet, den psykologiske bindingen mellom gjerningspersonen og offeret og det at mishandlingen skjer i skjul, på et sted det bør være trygt».<sup>91</sup> Desse straffeutmålingsmomenta er utleia på bakgrunn av rettspraksis. Høgsterett fastsette desse straffeutmålingsmomenta for første gong i Rt. 2004 s. 844.<sup>92</sup> Høgsterett har seinare utvikla desse momenta ytterlegare gjennom sin praksis, og i dag har momenta følgjande ordlyd; «hvor lenge krenkelsen har funnet sted, karakteren av de krenkelser som

---

<sup>89</sup> Sjø Prop. 66 S (2016-2017) punkt 3.5 s. 20.

<sup>90</sup> Det følgjer av § 283 andre punktum at ved vurderinga av om mishandlinga er «grov» skal det «særlig legges vekt på om den har hatt til følge betydelig skade eller død». I tillegg er det mogeleg å leggje vekt på mishandlinga sin «varighet», om mishandlinga «er utført på en særlig smertefull måte, eller har hatt betydelig smerte» og «om den er begått mot en forsvarløs person», jf. bokstav a-c.

<sup>91</sup> Sjø Ot.prp. nr. 22 (2008-2009) punkt 6.11 s. 198. Her vises det til ein til Rt. 2004 s. 844 avsnitt 13.

<sup>92</sup> I denne saka utmålte Høgsterett straff for langvarig familievald på bakgrunn av dei nemnte momenta og dei faktiske forholda i saka. Høgsterett konkluderte samstemt om å skjerpe straffa til fengsel i to år og tre månadar.

foreligger, hyppigheten, skadepotensialet og de konkrete skadevirkningene».<sup>93</sup> Disse straffeutmålingsmomenta samsvarar i stor grad med det gjerningsskildringane til §§ 282 og 283 tilseier er relevant i straffeutmålinga. Saman utgjer dermed gjerningsskildringane til straffebodet og desse momenta, dei spesifikke retningslinjene for fastsetjing av omfanget på straffereaksjonen etter §§ 282 og 283.

Ser ein desse spesifikke retningslinjene for fastsetjing av omfanget på straffereaksjonen i samanheng med Istanbul-konvensjonen sitt rammeverk, så er igjen det norsk rammeverket meir spesifikt enn rammeverket i Istanbul-konvensjonen. Til trass for denne skilnaden, så vil ei fastsetjing av straffereaksjonen på bakgrunn av dei nemnte momenta leggje til rette for at straffereaksjonen vil stå i høve til lovbrottet. I tillegg vil momenta leggje til rette for at straffereaksjonen speglar klanderverdigheita til lovbrottet. Dermed vil dei spesifikke retningslinjene for fastsetjing av omfanget på straffereaksjonen, i likskap med dei generelle retningslinjene, kunne tilfredsstillе krava til straffereaksjonen i art. 45 nr. 1 første punktum.<sup>94</sup>

Utifrå samanlikningane i kapitel 3, så ser ein at det norske rammeverket er meir spesifikt på fleire punkter og at det manglar nokre skjerpande moment. Derimot når ein ser desse skilnadane i lys av at Istanbul-konvensjonen berre oppstiller minimumskrav og at medlemsstatane har ein vid skjønnsmargin, så kan ein likevel konkludere med at det norske rammeverket ligg klart innanfor Istanbul-konvensjonen sine krav til straff for mishandling i nære relasjonar.

---

<sup>93</sup> Sjø bl.a. Rt. 2010 s. 129 avsnitt 18, Rt. 2015 s. 1115 og HR-2023-467-U.

<sup>94</sup> Art. 45 nr. 1 første punktum stiller bl.a. krav til at straffereaksjonen skal vera «forholdsmessig» og ta omsyn til «handlinga si alvorlege karakter».

## 4. Høgsterett si straffeutmåling i lys av Istanbul-konvensjonen sitt rammeverk for straff

### 4.1 Utgangspunkt

Kapitel 4 fokuserer på Høgsterett si straffeutmåling i lys av Istanbul-konvensjonen sine krav.<sup>95</sup> Hensikta med kapitel 4 er å fastsetje om norsk rett òg overheld Istanbul-konvensjonen sine krav til straff i praksis. Til trass for at det er samsvar mellom rammeverket for straff etter Istanbul-konvensjonen og straffebodet mot mishandling i nære relasjonar, så er det ikkje gitt at straffeutmålingspraksisen etter straffebodet overheld konvensjonen sine krav. Norsk straffeutmålingspraksis syner at domstolane har eit vidt skjønn i straffeutmålinga.<sup>96</sup> Domstolane må overhalde rammeverket for straffeutmålinga, men dei har mogelegheit til å utvikle og spesifisere krava til straffenivå, reaksjonsval og fastsetjinga av omfanget på straffereaksjonen.

Straffeutmålingspraksisen etter straffebodet mot mishandling i nære relasjonar syner at Høgsterett har vore sentral i utviklinga og spesifikasjonen av straffeutmåling etter straffebodet. Deriblant syner straffeutmålingspraksisen at Høgsterett har spesifisert krava knytt til val av straffereaksjon, sidan dei har fastsett spesifikke unntak frå hovudregelen om fengselsstraff utan vilkår.<sup>97</sup> I tillegg utgjer Høgsterett sin straffeutmålingspraksis ein spesifisering av straffenivået, sidan Høgsterett gjennomgåande i straffeutmålinga samanliknar med korleis straffeutmålinga er gjort i liknande saker.<sup>98</sup> Denne framgangsmåten medfører at straffeutmålingspraksisen vil gje eit bilete på straffenivået for ulike typar mishandling i nære relasjonar. Vidare syner òg straffeutmålingspraksisen at Høgsterett har utvikla og spesifisert straffeutmålingsmomenta. Høgsterett spesifiserte først kva moment som var relevant i

---

<sup>95</sup> Straffeutmåling kan ein definere i både snever og vid forstand, sjå Gröning/Husabø/Jacobsen, 2019, s. 684. Straffeutmåling definert i snever forstand er berre å fastsetje omfanget på straffereaksjonen, medan definert i vid forstand er både å fastsetje omfanget på straffereaksjonen og velje straffereaksjon. Rettspraksis syner at både fastsetjing av omfanget på straffereaksjonen og val av straffereaksjon er sentrale element ved fastsetjing av straff. Derfor er det mest treffande å nytta omgrepet straffeutmåling i vid forstand i vidare framstilling.

<sup>96</sup> Sjø Gröning/Husabø/Jacobsen, 2019, s. 687-690.

<sup>97</sup> Sjø bl.a. Rt. 2012 s. 1089 og Rt. 2015 s. 1115. Gjennom desse dommane har Høgsterett spesifisert at det er mogeleg å gjere unntak frå hovudregelen om fengselsstraff utan vilkår, dersom det ligg føre særlege eller tungtvegande grunnar.

<sup>98</sup> Sjø bl.a. HR-2019-1675-A og HR-2021-528-U. I desse sakene samanlikna Høgsterett med liknande saker i straffeutmålinga, for å fastsette eit passande straffenivå for saka.

straffeutmålinga i Rt. 2004 s. 844.<sup>99</sup> Deretter har Høgsterett utvikla straffeutmålingsmomenta ytterlegare. I Rt. 2010 s. 129 presiserte Høgsterett dei utmålingsmomenta dei framleis nyttar i dag, og desse utmålingsmomenta fungerer som ein spesifikasjon på kva som er relevant i straffeutmålinga etter straffebodet mot mishandling i nære relasjonar.<sup>100</sup>

Dei nemnte døma syner at Høgsterett har nytta det vide skjønnet ved straffeutmålinga etter straffebodet for mishandling i nære relasjonar. At Høgsterett har nytta det vide skjønnet gjer det interessant å undersøkje denne straffeutmålingspraksisen ytterlegare. I det følgjande skal eg derfor undersøkje eit utval av Høgsterett sine saker litt grundigare i lys av Istanbul-konvensjonen sitt rammeverk for straff, for å fastsetje om Høgsterett overheld Istanbul-konvensjonen sine krav.<sup>101</sup>

## 4.2 Saker med mindre rom for å drøfte

Det er fleire av Høgsterett sine saker som verkar å vera i samsvar med Istanbul-konvensjonen sine krav, slik at det er mindre rom for å drøfte i lys av Istanbul-konvensjonen sitt rammeverk for straff. I det følgjande skal eg analysere utval av slike saker og samanlikne dei med Istanbul-konvensjonen sitt rammeverk for straff. Hensikta er å syne at i alle fall som det klare utgangspunktet, så harmonerer Høgsterett sin straffeutmålingspraksis med Istanbul-konvensjonen.

Eit døme på ein sak der det er mindre rom for å drøfte er HR-2019-1675-A. I denne saka vurderte Høgsterett om ein kunne nytta § 283, jf. § 282 i eit tilfelle der eit born med spiseforstyrning døde etter at mora ikkje hadde sørgja for naudsynt helsehjelp. Høgsterett vurderte straffeutmålinga og oppreisning til etterlate. Det er naturlegvis berre straffeutmålinga som er relevant for analysen. Høgsterett utmålte straffa i avsnitt 44-73, og konkluderte med at passande straff var tre år.

---

<sup>99</sup> Sjø Rt. 2014 s. 844, avsnitt 13.

<sup>100</sup> Momenta er «hvor lenge krenkelsen har funnet sted, karakteren av de krenkelser som foreligger, hyppigheten, skadepotensialet og de konkrete skadevirkningene».

<sup>101</sup> Analysen av Høgsterett si straffeutmåling er avgrensa til å gjelde høgsterettsdommar frå 2017 og framover, sidan Noreg først var rettsleg bunden av Istanbul-konvensjonen i 2017.

I utmålinga la Høgsterett vekt på formidlande omstende, som at mora hadde eineansvar for ei veldig krevjande dotter som hadde anoreksi, at hennar motiv var å hjelpe dottera og at ho ynskja at dottera skulle bli frisk.<sup>102</sup> Dei viste i denne samanhengen til at saka ikkje hadde same straffverdigheit, som andre saker som fell innanfor straffebodet. Vidare viste dei til allmennpreventive omsyn, og gjorde reie for born sitt rettsvern.<sup>103</sup> På bakgrunn av born sitt rettsvern, så konkluderte Høgsterett med at ein likevel bør utmåle ei streng straff.<sup>104</sup> Deretter viste dei til utgangspunktet om fengselsstraff utan vilkår, og at det gjeld eit skjerpa straffenivå.<sup>105</sup> Vidare gjorde Høgsterett ei samanlikning med rettspraksis som gjeld manglande oppfylling av hjelpeplikta.<sup>106</sup> På grunnlag av samanlikninga trakk dei fram varigheita av det straffbare forholdet, og fastsette at straffenivået skal ligge over straffenivået for vanlege valdslovbrot som er samanliknbare med vårt tilfelle. Når Høgsterett såg varigheita og straffenivået i samheng med dei formidlande omstende, så konkluderte dei med tre år fengselsstraff utan vilkår.<sup>107</sup>

I denne dommen fastsette Høgsterett ei streng straff, og grunn gav den med varigheita av det straffbare forholdet og at det gjaldt grov mishandling. Høgsterett si utmåling verkar dermed å ta tilstrekkeleg omsyn til lovbrotet sin alvorlege karakter, slik at straffa står i høve til kor klanderverdig lovbrotet er. Høgsterett si straffeutmåling verkar av den grunnen å vera i samsvar med art. 45 nr. 1 første punktum sine krav til at straffereaksjonen skal vera «forholdsmessig», og ta omsyn til «handlinga si alvorlege karakter». I tillegg tilfredsstillar straffeutmålinga kravet i art. 45 nr. 1 siste punktum, sidan domfelte fekk fengselsstraff utan vilkår. Vidare er det òg i samsvar med Istanbul-konvensjonen art. 46 bokstav d at Høgsterett fastsette at ein bør utmåle streng straff grunna born sitt rettsvern.<sup>108</sup> Etter art. 46 bokstav d skal det vera skjerpande om «den straffbare handlinga vart utført mot eit barn».

Ein anna relevant sak er HR-2023-467-U. I denne saka vurderte Høgsterett sitt ankeutval anke over lagmannsretten sin rettsbruk og straffeutmåling. Lagmannsretten hadde fastsett fengsel i eit år og to månadar for overskriding av § 282, jf. § 15. Den domfelte hadde over ein

---

<sup>102</sup> Sjå HR-2019-1675-A, avsnitt 65.

<sup>103</sup> Sjå HR-2019-1675-A, avsnitt 66 flg.

<sup>104</sup> Sjå HR-2019-1675-A, avsnitt 68.

<sup>105</sup> Sjå HR-2019-1675-A, avsnitt 69-70.

<sup>106</sup> Sjå HR-2019-1675-A, avsnitt 71-72.

<sup>107</sup> Sjå HR-2019-1675-A, avsnitt 73.

<sup>108</sup> Sjå HR-2019-1675-A, avsnitt 68.

femårsperiode mishandla sine to døtrer saman med sin ektefelle. Ektefellen var døtrene si stemor. Dei hadde nytta vald og gjennomført forskjellige psykiske krenkingar, og både den fysiske og psykiske valden var gjennomført jamleg over fem år. Dei hadde utsett den eine dottera for vedvarande kjefting, brøling, banning og nedsetjande karakteristikkar. Dei hadde ikkje utsett den andre dottera like hyppige krenkingar, men dei hadde likevel utsett ho for fleire valdelege handlingar og psykiske krenkingar. I tillegg hadde den andre dottera opplevd å vera vitne til når dei utsette søstera for meir hyppige krenkingar.

Det er naturlegvis berre anka over straffeutmålinga som er relevant her. Ankeutvalet vurderte anka over straffeutmåling i avsnitt 21-24, og viste her til vurderinga som lagmannsretten hadde gjort.<sup>109</sup> Lagmannsretten grunn gav utmålinga med at mishandlinga hadde føregått i ein periode på fem år. I tillegg vektla dei at mishandlinga hadde skjedd jamleg over desse fem åra. Lagmannsretten sitt fleirtal understrekte òg at dei fornærma var sårbare, og at dei var under tiltalte sin omsorg. Dei har òg vektlagt at mishandlinga skjedde i heimen, og at det er risiko for langsiktige psykiske skadeverknadar som følgje av mishandlinga. I tillegg viste fleirtalet i lagmannsretten til utgangspunktet om fengselsstraff utan vilkår, og at det skal svært mykje til før ein viker frå utgangspunktet om fengselsstraff utan vilkår der det gjeld straffbare handlingar ovanfor born.<sup>110</sup> Etter denne tilvisinga, så konkluderte ankeutvalet med at lagmannsretten si utmåling ikkje stod i eit openbart misforhold til dei straffbare handlingane.<sup>111</sup> Dermed førte ikkje anka fram.

I denne saka er openbart val av straffereaksjon i samsvar med Istanbul-konvensjonen art. 45 nr. 1 siste punktum, sidan artikkelen fastset at straffereaksjonen skal vera «fridomsstraff» så lenge det er «føremålstenleg». Elles er det ingen omstende som tyder på at straffereaksjonen ikkje tilfredsstillar resterande krav i art. 45 nr. 1.<sup>112</sup> I tillegg er det fleire moment som er lagt skjerpande vekt på i utmålinga, som samsvarar med art. 46. Deriblant er det i samsvar med art. 46 bokstav c at Høgsterett vektla at dei fornærma er sårbare. Det er òg i samsvar med art. 46 bokstav h at Høgsterett vektla at det er risiko for langsiktige psykiske skadeverknadar.

---

<sup>109</sup> Sjå HR-2023-467-U avsnitt 22.

<sup>110</sup> Sjå HR-2023-467-U avsnitt 22.

<sup>111</sup> Sjå HR-2023-467-U avsnitt 23.

<sup>112</sup> Etter art. 45 nr. 1 skal straffereaksjonane vera «effektive, forholdsmessige og avskrekkande».

Vidare er ein anna relevant sak HR-2020-694-U. Denne saka gjaldt grov mishandling i nære relasjonar etter § 283, jf. § 283. Mora hadde mishandla dei to spedborna sine, medan faren passivt hadde medverka til mishandlinga. Faren anka over lagmannsretten si saksbehandlinga, deira lovbruk og deira straffeutmåling for grov mishandling i nære relasjonar. Mora hadde òg anka på saksbehandlinga til lagmannsretten. Det er naturlegvis berre faren si anke knytt til straffeutmålinga, som har relevans for denne analysen. Faren hadde fått eit år og åtte månadar fengselsstraff. Behandlinga av anken knytt til straffeutmålinga kjem føre i avsnitt 27-28. Ankeutvalet påpeikte at sterke allmennpreventive omsyn gjorde seg gjeldande i saka utifrå karakteren av mishandlinga, men fastsette òg at mishandlinga ikkje varte så lenge.<sup>113</sup> Ankeutvalet understrekte òg at faren ikkje hadde utført mishandlinga, men at hans manglande involvering var «avgjørende» for at mishandlinga kunne fortsette.<sup>114</sup> Deretter viste Høgsterett til HR-2019-2205-A, som var ein tilsvarande sak.<sup>115</sup> I denne samanhengen understrekte Høgsterett at straffa ikkje bryt med tidlegare praksis. På grunnlag av at faren sin passivitet var avgjerande for varigheita av mishandlinga og at straffa var i samsvar med tidlegare praksis, så konkluderte ankeutvalet med at det ikkje var openbart misforhold mellom den straffbare handlinga og straffa. Anken knytt til utmålinga førte dermed ikkje fram.

Analysen syner at ankeutvalet vektla allmennpreventive omsyn, og av den grunn tilfredsstillar Høgsterett kravet i art. 45 nr. 1 første punktum om at straffereaksjonen skal vera «effektiv[]» og «avskrekkande». I tillegg syner analysen at ankeutvalet såg på karakteren av mishandlinga, varigheita og skadepotensialet. Bruk av desse momenta bidrar til å sikre at straffa står i høve til klanderverdigheita av lovbrottet, og ein får fastlagt kor alvorleg lovbrottet er. Følgjande verkar det òg som at straffeutmålinga tilfredsstillar krava i art. 45 nr. 1 første punktum. I tillegg tilfredsstillar straffeutmålinga kravet i art. 45 nr. 1 siste punktum, sidan Høgsterett gav fengselsstraff utan vilkår.

Vidare kan ein spørje kvifor ankeutvalet ikkje adresserte at mishandlinga var gjort ovanfor born. Etter art. 46 bokstav d skal det vera skjerpande om «den straffbare handlinga vart utført mot eit barn». Derimot viste ankeutvalet til lagmannsretten si straffeutmåling, og lagmannsretten har i skjerpande retning vektlagt at mishandlinga er gjort ovanfor born.<sup>116</sup> Når

---

<sup>113</sup> Sjå HR-2020-694-U, avsnitt 27 og 28.

<sup>114</sup> Sjå HR-2020-694-U, avsnitt 28.

<sup>115</sup> Sjå HR-2020-694-U, avsnitt 28.

<sup>116</sup> Sjå LB-2019-19114.

ankeutvalet viste til lagmannsretten si avgjerd, så la dermed òg ankeutvalet skjerpande vekt på at mishandlinga var gjort ovanfor born. Ei naturleg forståing av Istanbul-konvensjonen art. 46 er at medlemsstatane må leggje skjerpande vekt på omstenda.<sup>117</sup> Ordlyden i art. 46 stiller derimot ikkje noko krav om at omstenda må vera nemnt eksplisitt i straffeutmålinga, slik at kravet vil vera tilfredsstilt så lenge den relevante omstenda er vektlagt i straffeutmålinga. Følgjande er straffeutmålinga i denne saka i samsvar med kravet i art. 46.

Ei siste sak som er relevant her er HR-2021-528-U. I denne saka vurderte Høgsterett sitt ankeutval ei anke over saksbehandling og straffeutmåling etter forskjellige straffebod. Lagmannsretten dømde tiltalte for å ha utført seksuelle overgrep mot to av sine søner etter § 299 bokstav a, jf. § 301 bokstav c og d, og for mishandling i nære relasjonar, jf. § 282. Tiltalte fekk fengselsstraff på fem år og ti månadar for dei ulike lovbrota. Det er naturlegvis anken over straffeutmålinga etter § 282 som er interessant her. Ankeutvalet vurderte anken over straffeutmålinga etter § 282 i avsnitt 25 og 28. Ankeutvalet påpeikte at lagmannsretten meinte overskridinga av § 282 svarte til fengsel på rundt 1 år.<sup>118</sup> Deretter viste dei til lagmannsretten si grunngjeving.<sup>119</sup> Lagmannsretten grunngav straffa ved å syne til varigheita, intensiteten og frykta som mishandlinga hadde skapt hos dei fornærma.<sup>120</sup> I tillegg la lagmannsretten vekt karakteren av både den fysiske og psykiske mishandlinga.<sup>121</sup> Lagmannsretten viste òg til Rt. 2015 s. 2042 i si straffeutmåling, og samanlikna sakene.<sup>122</sup> Dei la til grunn at sakene hadde fleire likskapstrekk, og påpeikte at Høgsterett utmålte fengselsstraff på 10 månadar i 2015-saka. Lagmannsretten påpeikte derimot òg nokre skilnadar mellom sakene. Deriblant at borna i 2015-saka var «vesentlig yngre», men at valden i denne saka var «klart grovere».<sup>123</sup> På bakgrunn av denne grunngjevinga til Lagmannsretten, så konkluderte ankeutvalet med at det

---

<sup>117</sup> Jf. ordlyden «skal» i art. 46.

<sup>118</sup> Sjø HR-2021-528-U, avsnitt 25.

<sup>119</sup> Sjø HR-2021-528-U, avsnitt 25.

<sup>120</sup> Sjø HR-2021-528-U, avsnitt 25. Her viste ankeutvalet til lagmannsretten si vurdering, og det kjem føre at mishandlinga hadde «skjedd ukentlig i en periode på 3 år». I tillegg la lagmannsretten til grunn at dei fornærma «hadde en konstant frykt for hvordan tiltalte skulle reagere».

<sup>121</sup> Sjø HR-2021-528-U, avsnitt 25. Her viste ankeutvalet til lagmannsretten si vurdering, og det kjem føre at den fysiske valden «har bestått i dytting, slag, knytteneveslag med fremskutt finger, spark (karate), pisking med belte, og kvelertak ved en anledning, og dessutan å være vitne til vold mot søsken». Medan den «psykiske volden har blant annet bestått i skrik, spontant og uforutsigbart voldsomt sinne, stygg ordbruk, nedsettende uttalelser til barna om dem selv, følelsesmessig avvising».

<sup>122</sup> Sjø LB-2019-124877.

<sup>123</sup> Sjø LB-2019-124877.



ikkje var noko openbart misforhold mellom straffereaksjonen og dei straffbare handlingane som tiltalte var dømt for.<sup>124</sup>

Ser ein denne straffeutmålinga i samanheng med Istanbul-konvensjonen sine krav, så er det for det første klart at Istanbul-konvensjonen art. 45 nr. 1 siste punktum sitt er oppfylt. Høgsterett gav «fridomsstraff». I tillegg syner denne analysen av straffeutmålinga at lagmannsretten har hatt eit bevisst forhold til straffenivået, og at dei har vurdert høve mellom den straffbare handlinga og straffa. Ankeutvalet fastsette at det ikkje er noko openbart misforhold mellom straffereaksjonen og dei straffbare handlingane som tiltalte var dømt for. Av den grunn tilfredsstillar straffeutmålinga Istanbul-konvensjonen sitt krav i art. 45 nr. 1 om at straffereaksjonen skal vera «forholdsmessig». I likskap med i HR-2020-694-U, så fremjar heller ikkje ankeutvalet at den straffbare handlinga er meir alvorleg fordi den er retta mot born. Denne straffeutmålinga tilfredsstillar likevel òg kravet i art. 46 bokstav d, sidan ankeutvalet har vist til lagmannsretten si straffeutmåling og lagmannsretten har vektlagt i skjerpande retning at valden er retta mot born.<sup>125</sup>

Analysen av Høgsterett si straffeutmåling i HR-2019-1675-A, HR-2021-528-U, HR-2020-694-U og HR-2023-467-U, avdekkjer få tvilsame element opp mot Istanbul-konvensjonen sitt rammeverk for straff. Følgjande står sakene trygt opp mot dei krava Istanbul-konvensjonen stiller til straff for mishandling i nære relasjonar. Sakane syner dermed eit utgangspunkt om at Høgsterett sin straffeutmålingspraksis harmonerer med Istanbul-konvensjonen.

### 4.3 Saker med meir rom for å drøfte

Derimot finnes det òg nokre saker der Høgsterett si straffeutmåling gir meir rom for å drøfte i lys av Istanbul-konvensjonen sitt rammeverk for straff. I det følgjande skal eg analysere eit utval av slike saker, og samanlikne dei med Istanbul-konvensjonen sitt rammeverk for straff. Hensikta er å fastsetje om Høgsterett overheld Istanbul-konvensjonen sine krav til trass for at det er meir rom for å drøfte kring nokre element i straffeutmålinga.

---

<sup>124</sup> Sjå HR-2021-528-U, avsnitt 28.

<sup>125</sup> Sjå LB-2019-124877.

Ein sak med meir rom for drøfting er HR-2023-475-A. I denne saka utmålte Høgsterett to år og tre månadar fengsel, der seks månadar var fengsel på vilkår. Domfelte hadde mishandla mora si både psykisk og fysisk i løpet av fem år, slik at § 282 var overskrida. I tillegg hadde domfelte gjort lovbrott etter § 271 og veitrafikkloven § 31, jf. § 22. Høgsterett utmålte straff for lovbrota i avsnitt 38-50, men utmålinga knytt til dei andre straffeboda er naturlegvis ikkje av relevans. I straffeutmålinga knytt til § 282, så nytta Høgsterett straffeutmålingsmomenta og samanlikna det aktuelle tilfellet med forskjellige dommar. Deriblant såg Høgsterett på HR-2020-1345-A, og understrekte at det er nokre skilnadar mellom dommen og det aktuelle tilfellet.<sup>126</sup> I 2020-saka gjaldt det mishandling ovanfor ektefelle. Det var dermed ei mishandling som påverka fornærma sin kvardag i større grad. Derimot hadde mishandling i denne saka føregått over lenger tid enn mishandlinga i 2020-saka, men begge sakene gjaldt mishandlinga ovanfor sårbare. Mora til domfelte var over 70 år, og hennar alder gjorde at ho var veldig sårbar. På bakgrunn av denne samanlikninga trakk Høgsterett konklusjon om at det måtte vera lenger straff i denne saka. Deretter påpeikte Høgsterett at korrekt straff for overskridinga av § 282 var eit år og fire månadar fengsel. Vidare la Høgsterett til grunn at den samla straffa burde vera fengsel i to år og seks månadar.<sup>127</sup> Dei skjerpa likevel ikkje straffa, fordi aktor ikkje hadde påstått høgare straff enn det lagmannsretten kom til.<sup>128</sup> Høgsterett utmålte dermed to år og tre månadar fengselsstraff for overskriding av alle lovbrota, der seks månadar var fengsel på vilkår.

Ser ein denne straffeutmålinga i lys av Istanbul-konvensjonen, så er den ikkje problematisk knytt til krava Istanbul-konvensjonen art. 46 stiller. Deriblant tilfredsstillar Høgsterett art. 46 bokstav c, når dei legg skjerpande vekt på at fornærma er sårbar. Det er òg i samsvar med art. 46 bokstav i at Høgsterett legg skjerpande vekt på at valdsutøveren er tidlegare straffedømt.<sup>129</sup> Det som er meir interessant er derimot at delar av fengselsstraffa er på vilkår. Etter art. 45 nr. 1 siste punktum er det krav om at straffereaksjonane skal «omfatte fridomsstraff som kan gi grunnlag for utlevering», så lenge det er «føremålstenleg». For at denne straffeutmålinga skal vera i samsvar med art. 45 nr. 1, så må det vera «føremålstenleg» at seks månadar av fengselsstraffa er på vilkår. Derimot er det ikkje sikkert at fengselsstraffa med vilkår knyter seg til lovbrottet på § 282, sidan domfelte her har overskrida fleire straffebod. Det er ikkje

---

<sup>126</sup> Sjø HR-2023-475-A, avsnitt 42.

<sup>127</sup> Sjø HR-2023-475-A, avsnitt 48.

<sup>128</sup> Sjø HR-2023-475-A, avsnitt 48.

<sup>129</sup> Sjø HR-2023-475-A, avsnitt 47.

spesifisert kva straffebod fengselsstraffa med vilkår knyte seg til. Likevel er det naturleg å oppfatte Høgsterett som at straffa etter § 282 er fengselsstraff utan vilkår, sidan Høgsterett legg til grunn at denne overskridinga tilsvara eit år og fire månadar fengselsstraff utan vilkår. Med utgangspunkt i ei slik oppfatning av Høgsterett, så kan det verke som om straffeutmålinga òg er i samsvar art. 45 nr. 1 siste punktum.

Vidare er det derimot meir rom for drøfting knytt til om Høgsterett si straffeutmåling etter § 282 tilfredsstillar resterande delar av art. 45 nr. 1, sidan Høgsterett gav ei mildare straff enn det dei meinte var korrekt i saka. Etter art. 45 nr. 1 skal straffereaksjonen vera «effektiv[], forholdsmessig[] og avskrekkande», og ein skal «ta omsyn til handlinga si alvorlege karakter». Når Høgsterett fastsette mildare straff enn det dei meinte var korrekt, så kan det skape tvil kring om straffereaksjonen eigentleg tilfredsstillar krava i art. 45 nr. 1. På den andre sida er det ikkje føremålstenleg om straffeutmålinga skal vera i strid Istanbul-konvensjonen sine krav, fordi Høgsterett vel å overhalde straffeprosessuelle reglar. Det er viktig for funksjonen og levedyktigheita til konvensjonar at ein ser meir nyansert på krava som konvensjonar stiller. Konvensjonane er avhengig av å spele på lag med nasjonal rett, slik at dei ikkje berre skaper problem for statane. Følgjande bør statane ha ein skjønnsmargin, slik at statane kan sikre eit fornuftig samspel mellom dei konvensjonane og nasjonal rett. Istanbul-konvensjonen sin ordlyd med støtte frå den forklarande rapporten og juridisk teori, tilseier at statane har eit vid skjønnsmargin knytt til val av straffereaksjonen.

I denne saka gav Høgsterett mildare straff enn det dei meinte var korrekt av omsyn til straffeprosessuelle reglar, og det resulterte i tre månadar kortare straff enn utmålinga deira tilsa. Det bør vera innanfor statane sin skjønnsmargin å gjere justeringar og ta løysningar i tråd med nasjonal rett, så lenge det ikkje undergrev konvensjonen sitt føremål. Istanbul-konvensjonen sitt føremål er blant anna å «førebyggje» og «påtale» vald mot kvinner.<sup>130</sup> Høgsterett sitt val i denne saka undergrev nok ikkje Istanbul-konvensjonen sitt føremål, sidan det ikkje er så stor skilnad på den utmålte straffa og straffa tiltalte fekk. Valet gir klart nok utslag i at Høgsterett gav mildare enn det dei meinte var korrekt, men det viktigaste etter konvensjonen sitt føremål bør vera at Høgsterett følgjer det straffbare forholdet med ei relativt passande straff. Det hadde vore annleis om det var grunnlag for å straffe nokon for

---

<sup>130</sup> Sjå art. 1 nr. 1 bokstav a.

mishandling i nære relasjonar, men Høgsterett valde ikkje å gjere det. Eit slik val hadde undergrave Istanbul-konvensjonen sitt føremål.

Ein anna relevant sak er HR-2020-1345-A. I denne saka fastsette Høgsterett fengsel i åtte månadar etter § 282, for ein mann som hadde mishandla sin 20 år yngre ektefelle over ein periode på 10 månadar. Høgsterett si straffeutmåling kjem føre av avsnitt 16-25. I straffeutmålinga la Høgsterett til grunn at det er den psykiske mishandlinga som er dominerande, og at det har skjedd avgrensa fysisk vald.<sup>131</sup> Her fastla Høgsterett karakteren av mishandlinga. Deretter vektla Høgsterett varigheita når dei påpeikte at domfelte hadde mishandla ektefellen sin i rundt 10 månadar.<sup>132</sup> Vidare fastla Høgsterett karakteren av mishandlinga ytterlegare. I denne samanhengen fremja Høgsterett at domfelte hadde hatt ein graverande åtferd, fordi han hadde tilnærma hatt fullstendig kontroll over ektefellen sitt liv.<sup>133</sup> I tillegg hadde han jamleg uttalt nedsetjande karakterar av ho. Høgsterett karakteriserte denne behandlinga som «svært nedverdiggende».<sup>134</sup> Høgsterett viste òg til konsekvensane av denne behandlinga, og understrekte at «risikoen for varige skadevirkningar av denne formen for mishandling er betydelig».<sup>135</sup> I tillegg la Høgsterett vekt på at fornærma var sårbar.<sup>136</sup> I denne samanhengen såg Høgsterett òg på at ho tidlegare hadde blitt utsett frå vald frå andre i nær relasjon, og at domfelte var kjend med denne historikken. Høgsterett la òg vekt på at fornærma var heilt avhengig av domfelte.<sup>137</sup> Vidare fastsette Høgsterett straffenivået utifrå momenta dei hadde vurdert.<sup>138</sup> I denne saka var det i hovudsak psykisk mishandling, men Høgsterett presiserte at karakteren av krenkinga ikkje påverka straffenivået.<sup>139</sup> Det avgjerande var berre om forholdet falt innanfor § 282, sidan det var like stor risiko for etterverknadar ved psykisk og fysisk mishandling. Etter denne presiseringa viste Høgsterett til lagmannsretten si straffeutmåling, og fastsette at straffa som utgangspunktet låg opp mot fengsel i eit år.<sup>140</sup>

---

<sup>131</sup> Sjø HR-2020-1345-A, avsnitt 16.

<sup>132</sup> Sjø HR-2020-1345-A, avsnitt 16.

<sup>133</sup> Sjø HR-2020-1345-A, avsnitt 18.

<sup>134</sup> Sjø HR-2020-1345-A, avsnitt 18.

<sup>135</sup> Sjø HR-2020-1345-A, avsnitt 18. Her la Høgsterett til grunn følgjande konsekvensar av behandlinga; «egnet til å frata henne selvtillit og livslyst», «ble et vrak», «nervøs og redd» og «deprimert».

<sup>136</sup> Sjø HR-2020-1345-A, avsnitt 19.

<sup>137</sup> Sjø HR-2020-1345-A, avsnitt 19. Høgsterett viste til at fornærma var frå Marokko, at ho ikkje kunne snakke norsk og at ho ikkje hadde noko nettverk i Norge.

<sup>138</sup> Sjø HR-2020-1345-A, avsnitt 20-22.

<sup>139</sup> Sjø HR-2020-1345-A, avsnitt 21.

<sup>140</sup> Sjø HR-2020-1345-A, avsnitt 22.

Deretter fastsette Høgsterett at det var naudsynt med eit frådrag på straffa grunna lang saksbehandlingstid, sidan den lange saksbehandlingstida ikkje var i tråd med kravet i EMK art. 6 om behandling «innen rimelig tid».<sup>141</sup> Høgsterett meinte derimot at lagmannsretten sitt frådrag var for høgt.<sup>142</sup> Likevel fastsette ikkje Høgsterett noko strengare straff enn lagmannsretten, sidan påtalemyndigheita ikkje hadde gjort gjeldande at det må skje ei skjerping av straffa.<sup>143</sup> Høgsterett fastsette dermed straff på åtte månadar fengsel utan vilkår i denne saka. Følgjande er val av straffereaksjonen i tråd art. 45 nr. 1, sidan det er gitt «fridomsstraff». I tillegg er utmålingsmomenta som Høgsterett nytta i dommen i samsvar med det som kjem føre av art. 46. Deriblant sikra straffeutmålinga kravet etter art. 46 bokstav c, sidan Høgsterett la skjerpande vekt på at fornærma var sårbar.

Det er derimot interessant at Høgsterett gjorde eit frådrag på straffa grunna lang saksbehandlingstid, sidan det ikkje er noko i Istanbul-konvensjonen som opnar for å ta omsyn til lang saksbehandlingstid. Det verkar dermed ikkje som straffa gjev uttrykk for lovbrottet sitt alvor, slik art. 45 nr. 1 første punktum krevjar. På den andre sida er det naturleg utifrå statane sin skjønnsmargin at Noreg må kunne overhalde krav etter andre reglar, slik som krava i EMK art. 6. Som tidlegare nemnt er det viktig at konvensjonen sine krav spelar på lag med nasjonal rett, slik at statane må ha ein skjønnsmargin. Av den grunn bør det ikkje vera problematisk at Høgsterett gjer eit fråtrekk grunna lang saksbehandlingstid.

Det er som kan vera meir problematisk er at Høgsterett ikkje skjerpa straffa når dei meinte fråtrekket var for høgt. Høgsterett gav dermed ei mildare straff enn det straffeutmålinga deira tilsa. Når Høgsterett gir for mild straff, så kan det som tidlegare nemnt tyde på at straffereaksjonen ikkje overheld krava i art. 45 nr. 1 første punktum. Derimot syner tidlegare drøfting at det er lite føremålstenleg om Istanbul-konvensjonen sine krav skal vera så strenge. Det er viktig at statane har ein skjønnsmargin knytt til straffeutmålinga, så lenge straffeutmålinga ikkje undergrev konvensjonen sitt føremål. Her er valet til Høgsterett gjort på grunnlag av prosessuelle reglar, og lovbrottet er straffefølgd med ei relativt passande straff. Omstenda tyder dermed på valet til Høgsterett i denne saka heller ikkje undergrev at konvensjonen sitt føremål, slik at det er innanfor statane sin skjønnsmargin.

---

<sup>141</sup> Sjø HR-2020-1345-A, avsnitt 23-25.

<sup>142</sup> Sjø HR-2020-1345-A, avsnitt 25.

<sup>143</sup> Sjø HR-2020-1345-A, avsnitt 25.

Vidare HR-2017-2415-A òg ein relevant sak. Denne saka gjaldt straffeutmåling etter § 219 for grov mishandling.<sup>144</sup> Det var ei mor som hadde mishandla sine fire born saman med sin ektefelle/deira far. Mora hadde anka over straffeutmålinga, men Høgsterett forkasta anka og fastsette straff i samsvar med lagmannsretten si avgjerd. Høgsterett utmålte straff med utgangspunkt i utmålingsmomenta. Dei såg først på hyppigheita av krenkinga, varigheita og at det var eit regime prega av frykt og utryggheit for borna.<sup>145</sup> Dei fastsette i denne samanhengen at mishandlinga hadde skjedd hyppig og over lenger tid. Høgsterett la til grunn at desse momenta trakk i retning av streng straff. Dei meinte derimot at karakteren av mishandlinga tilsa at straffa ikkje må vera for streng, sidan det ikkje var utøvd grov vald. Høgsterett fastsette deretter kva krenkingar mora hadde utsett borna for, og la til at borna hadde vore vitne til foreldra sin vald mot sine søsken. På bakgrunn hyppigheita, varigheita og karakteren av krenkingane, så fastsette Høgsterett at saka var i det nedre sjikt av § 219 andre ledd.<sup>146</sup>

Vidare samanlikna Høgsterett saka med Rt. 2009 s. 1136 og Rt. 2015 s. 1115.<sup>147</sup> Høgsterett meinte det var mykje likskap med 2009-saka. I denne saka dømde Høgsterett mor til fengsel i eit år og fire månadar. I tillegg meinte Høgsterett at det var likskap med 2015-saka, men at saka var grovare enn 2015-saka. Høgsterett fastsette at denne samanlikninga tilsa ei strengare straff i denne saka enn i 2015-saka. I 2015-saka var det 10 månadar fengselsstraff, og Høgsterett meinte på grunnlag av samanlikninga at passende straff i saka var eit år og seks månadar fengsel. Høgsterett meinte utifrå denne samanlikninga at lagmannsretten si straffeutmåling var for mild, sidan lagmannsretten berre fastsette fengselsstraff på eit år.<sup>148</sup>

Deretter såg Høgsterett på om mora sine personlege forhold skulle ha betydning for straffa.<sup>149</sup> På bakgrunn av rettspraksis, og vernet som born har etter grunnlova og konvensjonar, så fastsette Høgsterett at det ikkje var grunnlag for å «relativisere straffutmålingen avhengig av gjerningspersonens opprinnelse og kulturelle bakgrunn».<sup>150</sup> Høgsterett meinte derfor at mora sin kulturelle bakgrunn ikkje kunne vera formildande her. Dei la derimot noko formildande

---

<sup>144</sup> Denne dommen gjeld straffelova 1902 § 219, slik at den ikkje er direkte overførbar for korleis ein utmåler straff etter § 282 og 283. Derimot har dommen likevel relevans, sidan Noreg hadde plikt til å sikre krava etter Istanbul-konvensjonen når dommen vart avsagt.

<sup>145</sup> Sjø HR-2017-2415-A, avsnitt 11.

<sup>146</sup> Sjø HR-2017-2415-A, avsnitt 11.

<sup>147</sup> Sjø HR-2017-2415-A, avsnitt 12 og 13.

<sup>148</sup> Sjø HR-2017-2415-A, avsnitt 14.

<sup>149</sup> Sjø HR-2017-2415-A, avsnitt 16-20.

<sup>150</sup> Sjø HR-2017-2415-A, avsnitt 18.

vekt på at ho var analfabet og utan kunnskap i det norsk språket når ho kom til Noreg.<sup>151</sup> Desse forholda hadde svekka hennar føresetnadar for å tilpasse seg dei norske omstenda.

Høgsterett undersøkte deretter om det heller var grunnlag for å dømme mora til samfunnsstraff i motsetnad til fengsel.<sup>152</sup> Høgsterett viste til utgangspunktet om fengselsstraff, og at ein krevjar «sterke grunner» for å heller dømme nokon til samfunnsstraff. Deretter fastsette dei at det ikkje låg føre slike grunnar, og at korrekt straff dermed var eit år og seks månadar fengsel utan vilkår.<sup>153</sup> I denne samanhengen påpeikte Høgsterett at straffenivået var markert høgare enn det lagmannsretten hadde lagt til grunn.<sup>154</sup> Høgsterett skjerpa likevel ikkje straffa, fordi påtalemyndigheita ikkje hadde gått inn for ei skjerping av straffa.<sup>155</sup> Straffa i den aktuelle saka vart dermed 1 år fengsel, der tre månadar var fengselsstraff med vilkår.

Ser ein Høgsterett si straffeutmåling i denne saka i lys av Istanbul-konvensjonen sine krav, så kan ein for det første fremje at straffeutmålinga er samsvar med art. 46 på fleire punkter. Deriblant er det i tråd med art. 46 bokstav d, at det er lagt skjerpande vekt på at dei straffbare handlingane er gjort ovanfor born og med born som vitne. Derimot verkar det ikkje som om Høgsterett legg skjerpande vekt på at mishandlinga er gjort i fellesskap mellom mor og far. Etter art. 46 bokstav e skal det vera skjerpande om mishandlinga er utført i fellesskap, sidan ei kollektiv mishandling er meir skremmande. Når Høgsterett ikkje adresserte at mor og far har utført mishandlinga i fellesskap, så kan det skape tvil kring om det er tatt tilstrekkeleg «omsyn til handlinga si alvorlege karakter». Likevel må ein ikkje overdrive betydninga av manglande adressering av skjerpande omstende. Straffeutmålingspraksis syner at Høgsterett sjeldan er eksplisitte kring kva dei vektlegg i straffeutmålinga. Høgsterett syner ofte til lagmannsretten si straffeutmåling, og det er ofte naudsynt å lese mellom linjene for å forstå kva Høgsterett eigentleg vektlegg i straffeutmålinga. Følgjande er det godt mogeleg at Høgsterett har lagt skjerpande vekt på fleire omstende enn dei som kjem eksplisitt føre av dommen.

Vidare er det interessant at Høgsterett fastsette eit år fengselsstraff der tre månadar var på vilkår, sjølv om dei meinte det ikkje var grunnlag for å gjere noko av fengselsstraffa på

---

<sup>151</sup> Sjø HR-2017-2415-A, avsnitt 18.

<sup>152</sup> Sjø HR-2017-2415-A, avsnitt 21-22.

<sup>153</sup> Sjø HR-2017-2415-A, avsnitt 23.

<sup>154</sup> Sjø HR-2017-2415-A, avsnitt 24.

<sup>155</sup> Sjø HR-2017-2415-A, avsnitt 24-25.

vilkår.<sup>156</sup> Etter art. 45 nr. 1 skal straffereaksjonane «omfatte fridomsstraff som kan gi grunnlag for utlevering», så lenge det er «føremålstenleg». For at Høgsterett si utmåling i denne saka skal vera i samsvar med art. 45 nr. 1, så må det vera «føremålstenleg» at tre månadar av fengselsstraffa var på vilkår. Etter sin ordlyd inneber «føremålstenleg» kva som er mest gunstig. Når Høgsterett eksplisitt fastsette at det ikkje var noko grunnlag for å gjere noko del av fengselsstraffa på vilkår, så er det eit tydeleg signal på dei meinte det var mest «føremålstenleg» at heile fengselsstraffa skulle vera utan vilkår. Høgsterett sitt val av straffereaksjon kan dermed vera eigna til å skape tvil om denne straffeutmålinga tilfredsstillar kravet i art. 45 nr. 1.

I denne samanhengen er det òg interessant at Høgsterett ville gi ei strengare straff enn det gav. Etter art. 45 nr. 1 er det krav om at straffereaksjonen skal vera «effektiv[], forholdsmessig[] og avskrekkande», og at ein skal «ta omsyn til handlinga si alvorlege karakter». Når Høgsterett meinte at gitt straff var for mild, så sår det tvil om straffereaksjonen eigentleg er «effektiv[], forholdsmessig[] og avskrekkande». Derimot syner tidlegare drøfting at det bør vera innanfor statane sin skjønnsmargin når ein ikkje skjerpar straffa av omsyn til straffeprosessuelle reglar. Det er føremålstenleg at Høgsterett har eit slikt spelerom i straffeutmålinga, så lenge det ikkje undergreiv Istanbul-konvensjonen sitt føremål. I likskap med straffeutmålinga i dei tidlegare saka, så verkar det heller ikkje som om denne straffeutmålinga undergreiv Istanbul-konvensjonen sitt føremål.

Utover det som allereie er nemnt, så er det òg interessant at Høgsterett fastsette at det ikkje var grunnlag for å «relativisere straffutmålingen avhengig av gjerningspersonens opprinnelse og kulturelle bakgrunn».<sup>157</sup> Etter ei naturleg forståing av art. 45 og 46, så er det nærliggjande at det ikkje skal vera grunnlag å leggje vekt på slike omstende i straffeutmålinga.<sup>158</sup> Ved første augekast verkar dermed denne utsegna å vera i samsvar med krava som Istanbul-konvensjonen stiller. Derimot kan det vera problematisk at Høgsterett deretter la formildande vekt på at mora var analfabet og utan kunnskap i det norsk språket når ho kom til Noreg.<sup>159</sup>

---

<sup>156</sup> Sjø HR-2017-2415-A, avsnitt 23.

<sup>157</sup> Sjø HR-2017-2415-A, avsnitt 18.

<sup>158</sup> Sjø her Europarådet sin brosjyre der det kjem føre at det ikkje er akseptabelt med unnskyldningar for valdshandlingar «på grunnlag av kultur, tradisjon, religion eller såkalt «ære», jf. Leaflet, Istanbul, 2011, s. 3. Brosjyren har som tidlegare nemnt ingen rettskjeldeverdi, men sett i samanheng med Istanbul-konvensjonen, så er den eigna til å konkretisere kva konvensjonen krevjar av medlemsstatane.

<sup>159</sup> Sjø HR-2017-2415-A, avsnitt 18.



Elementa som Høgsterett la vekt har tilknytning til domfelte sin kulturelle bakgrunn. Likevel er det domfelte sine manglande føresetnadar Høgsterett fremja som formildande, og ikkje hennar kultur. Det er ein klar skilnad mellom desse, sidan det ville vore meir problematisk dersom det til dømes var vanleg å slå i ein kultur og Høgsterett la formildande vekt på at gjerningspersonen hadde denne kulturelle bakgrunnen.

Utifrå analysen av Høgsterett si straffeutmåling i HR-2023-75-A, HR-2020-1345-A og HR-2017-2415, så er det klart at nokre punkt er i samsvar med krava som Istanbul-konvensjonen stiller til straffeutmåling, medan det er rom for å drøfte meir kring andre punkt i straffeutmålinga. Likevel tyder analysen på at straffeutmålinga i saka overheld Istanbul-konvensjonen sine krav til straff, sidan statane har ein skjønnsmargin og straffeutmålinga ikkje undergrev Istanbul-konvensjonen sitt føremål.

## 5. Eit tilstrekkeleg rettsvern, men manglande verknad?

På bakgrunn av vurderingane i kapitel 3 og 4, så kan ein konkludere med at straff etter straffebodet mot mishandling i nære relasjonar verkar å overhalde med Istanbul-konvensjonen sine krav til straff. I denne samanhengen er det interessant at overvakingssorganet GREIVO i stor grad er tilfreds med Noreg si gjennomføring av Istanbul-konvensjonen, men at dei blant anna fremjar nokre merknadar knytt Noreg si sikring av krava etter art. 45 og 46.<sup>160</sup> Desse merknadane er derimot ikkje særleg problematiske.<sup>161</sup> Rapporten viser at det i stor grad er samsvar mellom resultatet av samanlikningane i denne oppgåva, og GREIVO si vurdering av om norsk rett overheld Istanbul-konvensjonen sine krav til straff. Dermed verkar det som om den norske straffeutmålinga gir eit tilstrekkeleg rettsvern mot mishandling i nære relasjonar.

Derimot er det interessant at Høgsterett aldri syner til Istanbul-konvensjonen i straffeutmålinga deira. Istanbul-konvensjonen er òg sjeldan nemnt i førearbeid, og dersom den først er nemnt, så er det berre for å konstatere at Noreg har ei plikt til å overhalde konvensjonen sine krav. Det er ikkje gjort grundig reie for kva denne plikta inneber. Når Istanbul-konvensjonen aldri er eit tydeleg referansepunkt i norsk rett, så kan det skape tvil kring om konvensjonen eigentleg har noko reell verknad i norsk rett. Det styrkar denne tvilen at Istanbul-konvensjonen ikkje er innarbeida i norsk rett.

Til trass for at Istanbul-konvensjonen er eit manglande referansepunkt, så har den openbart bidratt til å danna grunnlaget for eit styrka rettsvern mot mishandling i nære relasjonar internasjonalt. Utviklinga av eit styrka rettsvern i mot mishandling i nære relasjonar i norsk rett, er eit resultat av eit auka fokus på mishandling i nære relasjonar både nasjonalt og internasjonalt. Istanbul-konvensjonen har dermed indirekte hatt verknad for norsk rett, og er såleis ikkje utan verknad for norsk rett. Det er derimot eit klart potensial for at konvensjonen kan få enda større verknad for norsk rett. I dagens norske rettssystem spelar internasjonal rett ei større rolle samanlikna med før. I tida framover vil det derfor vera spennande å sjå om òg Istanbul-konvensjonen kjem til å spele ei større rolle i norsk rett, og dessutan om det kjem til å utvikle seg eit enda sterkare rettsvern mot mishandling i nære relasjonar.

---

<sup>160</sup> Sjå GREIVO Baseline Evaluation Report on Norway s. 56-57. GREIVO (The Group of Experts on Action against Violence against Women and Domestic Violence) er eit sjølvstendig overvakingssorgan, som observera og granska gjennomføringa av Istanbul-konvensjonen hos medlemsstatane.

<sup>161</sup> Punkta knytt til art. 45 og 46 er ikkje på lista over tiltak, som Noreg må gjennomføre for å sikre at dei overheld alle krav i Istanbul-konvensjonen. Sjå GREIVO Baseline Evaluation Report on Norway s. 7.

# Kjelderegister

## Internasjonale rettskilder

1. *Convention for the Protection of Human Rights and Fundamental Freedoms*, Roma, 4. November 1950, (Den Europeiske menneskerettskonvensjonen, EMK).
2. *Vienna Convention on the Law of Treaties*, Vienna, 23. May 1969 (entered into force 27 januar 1980), United Nations, Treaty Series, vol. 1155, p. 331, (Wien-konvensjonen).
3. *Council of Europe Convention on preventing and combating violence against women and domestic violence*, Istanbul, 11. May 2011, Council of Europe, Treaty series, No. 210, (Istanbul-konvensjonen).
4. *Europarådets konvensjon om forebygging og bekjempelse av vold mot kvinner og vold i nære relasjoner*, Istanbul, 11. mai 2011, Europarådet, (den uoffisielle norske omsetjinga av Istanbul-konvensjonen).
5. *Explanatory report to the Council of Europe Convention on preventing and combating violence against women and domestic violence*, Istanbul, 11. May 2011, Council of Europe, Treaty series, No. 210, (Forklarande rapport).
6. *Leaflet to the Council of Europe Convention on preventing and combating violence against women and domestic violence*, Istanbul, 11. May 2011, Council of Europe, Treaty series, No. 210, (Europarådets informasjonsbrosjyre om Istanbul-konvensjon).
7. *GREIVO Baseline Evaluation Report on Norway* (evalueringsrapporten om Noreg).

## Lover

1. Lov 22. mai 1902 nr. 10 *om almindelig borgerlig straffelov* (Straffelova 1902).
2. Lov 20. mai 2005 nr. 28 *om straff* (Straffelova 2005).
3. Lov 21. desember 2005 nr. 131 *om oppheving av lausgjengarlova og om endringer i straffelova o.a. (eige straffebod mot vald i nære relasjonar o.a.)*.
4. Lov 19. juni 2009 nr. 74 *om endringer i straffeloven 20. mai 2005 nr. 28 mv. (siste delproposisjon – slutføring av spesiell del og tilpasning av annen lovgivning)*.

5. Lov 25. juni 2010 nr. 46 om endringer i straffeloven 1902 mv. (skjerping av straffen for drap, annen grov vold og seksuallovbrudd).
6. Lov 24. juni 2011 nr. 32 om endringer i straffeprosesslova mv. (etterforsingsplikt mv.).
7. Lov 20. april 2018 nr. 6 om endringer i barnelova og straffeloven mv. (bedre rettsvern for barn mot vold og overgrep).

## Forskrifter

1. Forskrift 21. desember nr. 1580 om delvis ikraftsetjing av lov 21. desember 2005 nr. 131 om oppheving av lausgjengarlova og om endringer i straffelova o.a. (eige straffebod mot vald i nære relasjonar o.a.) og delvis ikraftsetjing av lov 20. mai 2005 nr. 28 om straff (straffeloven).

## Førearbeid

1. NOU 2003: 31 Om retten til et liv uten vold.
2. Ot.prp. nr. 90 (2003-2004) Om lov av straff.
3. Ot.prp. nr. 113 (2004-2005) Om lov om oppheving av løsgjengerloven og om endringer i straffeloven mv. (eget straffebud mot vold i nære relasjoner mv.).
4. Ot.prp. nr. 8 (2007-2008) Om lov om endringer i straffeloven 20. mai 2005 nr. 28 mv. (skjerpende og formildende omstendigheter, folkemord, rikets selvstendighet, terrorhandlinger, ro, orden og sikkerhet, og offentlig myndighet).
5. Ot.prp. nr. 22 (2008-2009) Om lov om endringer i straffeloven 20. mai 2005 nr. 28 (siste delproposisjon - slutføring av spesiell del og tilpasning av annen lovgivning).
6. Innst. O. Nr. 73 (2008-2009) Om lov om endringer i straffeloven 20. mai 2005 nr. 28 mv. (siste delproposisjon – slutføring av spesiell del og tilpasning av annen lovgivning).
7. Prop. 97 L (2009-2010) Om skjerping av straffen for drap, annen grov vold og seksuallovbrudd.
8. NOU 2014: 10 Om skyldevne, sakkyndighet og samfunnsvern.

9. Prop. 66 S (2016-2017) *Om samtykke til ratifikasjon av Europarådets konvensjonen av 11. mai 2011 om forebygging og bekjempelse av vold mot kvinner og vold i nære relasjoner.*
10. Innst. 301 S (2016-2017) *Om samtykke til ratifikasjon av Europarådets konvensjonen av 11. mai 2011 om forebygging og bekjempelse av vold mot kvinner og vold i nære relasjoner.*
11. Prop. 36 S (2023-2024) *Om opptrappingsplan mot vold og overgrep mot barn og vold i nære relasjoner (2024-2029) Trygghet for alle.*

## Rettspraksis

### Høgsterettsavgjerder

1. Rt. 1977 s. 1207
2. Rt. 2004 s. 844
3. Rt. 2009 s. 1136
4. Rt. 2010 s. 129
5. Rt. 2012 s. 1089
6. Rt. 2014 s. 1011
7. Rt. 2015 s. 1115
8. Rt. 2015 s. 2042
9. HR-2017-2415-A
10. HR-2019-1675-A
11. HR-2019-2205-A
12. HR-2020-694-U
13. HR-2020-1345-A
14. HR-2021-528-U
15. HR-2023-475-A
16. HR-2023-467-U

### Underrettsavgjerder

1. LB-2019-19114

2. LB-2019-124877

## Litteratur

### Bøker

1. Andenæs, Johs; Rieber-Mohn, Georg Fr & Sæther, Knut Erik, *Alminnelig strafferett*, 6. utgåve, Universitetsforlaget 2016.
2. Mæhle, Synne Sæther & Aarli, Ragna, *Fra lov til rett*, 2. utgåve, Gyldendal Norsk Forlag AS 2017.
3. Irgens-Jensen, Harald (red.), *Knops oversikt over Norges rett*, 15. utgåve, Universitetsforlaget 2019.
4. Aall, Jørgen, *Knops oversikt over Norges rett*, 15. utgåve, Universitetsforlaget 2019, s. 685-701 (*folkeretten*).
5. Skjørten, Kristin (red.); Bakketeig, Elisiv (red.); Bjørnholt, Margun (red.) & Mossige, Svein (red.), *Vold i nære relasjoner*, Universitetsforlaget 2019.
6. Gröning, Linda; Husabø, Erling Johannes & Jacobsen, Jørn, *Frihet, forbrytelse og straff*, 2. utgåve, Fagbokforlaget 2019.
7. Jacobsen, Jørn; Husabø, Erling Johannes; Gröning, Linda & Strandbakken, Asbjørn, *Forbrytelser i utvalg*, 1. utgåve, Fagbokforlaget, 2020.
8. De Vido, Sara (red.) & Micaela Frulli (red.), *Preventing and combating violence against women and domestic violence – A Commentary on the Istanbul Covention*, 1. utgåve, Edward Elgar Publishing Limited, 2023.
9. Mehta, Kalika, *Preventing and combating violence against women and domestic violence – A Commentary on the Istanbul Covention*, 1. utgåve, Edward Elgar Publishing Limited, 2023, s. 538-547 (*Article 45 – Sanctions and Measures*).
10. Rossetti, Luca Poltronieri, *Preventing and combating violence against women and domestic violence – A Commentary on the Istanbul Covention*, 1. utgåve, Edward Elgar Publishing Limited, 2023, s. 548-558 (*Article 46 – Aggravating circumstances*).

## Artiklar

1. Sørensen, Christian Børge, *Læren om statens skjønnsmargin etter EMK og betydningen for norsk domstolskontroll med forvaltningen*, Tidsskrift for Rettsvitenskap 2004, Vol. 117, Utgåve 1-2.
2. Ørum, Ingrid Løining, *Hva med kjærestene – oppfyller Norge plikten etter Istanbul-konvensjonen til å kriminalisere mishandling av kjærester?*, Tidsskrift for strafferett, Vol. 23, Utgåve 3, s. 184-207.